

Mastergradsavhandling

## Inger Lien

"Eg til Amerika i vår lyt driva....."

- Visene som vandra vest - kvar vart dei av?  
Ein dokumentasjon av norsk folkesong i  
Midtvesten i USA.



**Høgskolen i Telemark**

Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærerutdanning



Inger Lien

"Eg til Amerika i vår lyt driva....."

- Visene som vandra vest - kvar vart dei av?

Ein dokumentasjon av norsk folkesong i Midtvesten i USA.

Høgskolen i Telemark  
Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning  
Institutt for folkekultur  
Neslandsvegen 402  
3864 Rauland

<http://www.hit.no>

© 2014 Inger Lien

Denne avhandlinga representerer 60 studiepoeng



# Samandrag

Arbeidet med denne oppgåva har sitt utspring i bakgrunnen min som kvedar og i ei langvarig interesse for utvandrarane. Kombinasjonen av desse interessene gjorde at eg hadde lyst til å finne ut kva slags folkesongar emigrantane tok med seg då dei reiste til USA og kva som fanst att av desse songane i våre dagar. I oppgåva skriv eg om to reiser til Midtvesten i USA og undersøkingane eg gjorde både på ulike universitet, arkiv, museum, bibliotek og andre offentlege institusjonar, og blant private folk, i tre ulike statar. Eg var på jakt etter den autentiske folkesongen og ynskte å finne folk som framleis hugsar det dei hadde lært i barndomen, gjerne frå eldre generasjonar. Det viste seg å vera vanskeleg å finne, det eg kallar heimesongen var nesten heilt borte. Songen som var ein naturleg del av livet for dei fyrste norske immigrantane har over tid blitt institusjonalisert, i våre dagar kan ein snakke om ein slags offentlig norskdom blant etterkomarane deira. I skriftlege kjelder var det temmeleg mykje å finne, og nokre eksempel på songar som er funne i gamle bøker er tekne med både i teksten og på vedlagde cd-ar. På same måten er også ein del av intervjuobjekta mine presentert. Gjennom arbeidet med prosjektet har eg observert og dokumentert innsamla materiale, eg har også sett på kva endringar songane har gjennomgått etter turen over Atlanteren og i løpet av tida som har gått, men eg har ikkje gått inn på tolkingar eller analyser av noko slag. Det har vore eit interessant prosjekt å arbeide med og det har inspirert meg til vidare forskning på området.

# Abstract

This project is a result of the fact that I'm a folk singer and also of my great interest in the Norwegian immigrants in the US. The combination of these two made me want to find out what happened to the folk songs our emigrants brought with them to the US. What kind of songs they brought and if there still was any left. In my thesis I tell about my two journeys to the Midwest and the research I did at different universities, archives, museums, libraries and other public institutions, and also among private people in three different states. I was looking for the real authentic Norwegian folk songs that people had handed down through generations. But it appeared to me that there was very little left of what I call the "home singing". The song tradition that was a natural part of the first immigrants' everyday life, has become institutionalized and turned into a kind of an official "Norwegianhood" among their descendants. On the other hand, I actually found quite an amount of interesting material in old song books in the archives and libraries. Some of it is presented in the text and also on the CDs attached to this thesis. Some of my informants are also represented on the CDs. Working with this project I've made observations and documentations of the collected material and looked into possible alterations of the songs after their journey over the Atlantic and also over time, but no interpretation or analysis has been done. This work has been very interesting and it has encouraged me to continue doing research on this topic.

I want to send special thanks to these people in the US:

For their great hospitality: Arna Rennan, Debbie Skeivik, Renie Erickson, Jim Leary, Rhonda and Chris Storlie, Ruth and Ken Rupp, and most of all Rachel and David Storlie who invited me to stay at their place both in May and in October and made appointments with so many interesting people for me. Thank you, Lee Grippen, for spending a Saturday taking me to Norskedalen and Kari Tauring for spontaneously, after just 10 minutes of acquaintance, taking me on a research trip around Minneapolis, to Ingebretsen's among other places. Great thanks also to Karen Grey who pulled the strings so I was allowed to sing at a church concert in Waukon and to Emma Landsom who gave me all her Norwegian songbooks! I also owe adm. dir. of NAHA, Jackie Henry, archivist at Vesterheim Museum, Jennifer Kovarik, Jonathan Storlie at Giants of the Earth Heritage Center and professor Jim P. Leary at the University of Wisconsin in Madison my best thanks for helping me out with this project.



# Innholdsliste

Samandrag.....	3
Abstract.....	4
Innholdsliste.....	6
Føreord.....	8
<b>1 Innleiing.....</b>	<b>10</b>
1.1 Bakgrunn .....	10
1.2 Problemformulering.....	10
1.3 Avgrensingar .....	11
1.3.1 Omgrepsforklaringar .....	12
1.4 Tidlegare forskning på området.....	12
<b>2 Identitet .....</b>	<b>16</b>
<b>3 Utvandringa til Amerika .....</b>	<b>19</b>
3.1 Nordmenn i Wisconsin .....	20
3.2 Spring Grove, Minnesota .....	23
<b>4 Metodar .....</b>	<b>25</b>
4.1 Innsamling av data .....	25
4.2 Intervju .....	26
<b>5 Resultat.....</b>	<b>27</b>
5.1 Arbeid og undersøkingar .....	27
5.2 Det levande songrepertoaret .....	37
5.3 Skriftleg materiale .....	40
5.3.1 Sangbog for Sønner af Norge/Sons of Norway Songbook.....	42
5.3.2 Luren Singing Society/ Luren Songbook.....	44
5.3.3 Nordisk Tidendes Norsk-Amerikansk Sangbok.....	46
5.3.4 Mike and Else's Norwegian Songbook.....	47
5.4 Nokre utvalde songar .....	47
5.4.1 På sine høner .....	48
5.4.2 Kjerringa med staven.....	50
5.4.3 Stev.....	53
5.4.4 En liten gutt i fra Tistedal'n.....	56

<b>6 Drøfting .....</b>	<b>58</b>
<b>7 Konklusjon.....</b>	<b>67</b>
<b>Referansar/litteraturliste.....</b>	<b>69</b>
<b>Oversikt over tabellar og figurar .....</b>	<b>72</b>
<b>Vedlegg.....</b>	<b>73</b>
<b>Vedlegg 1: Tabell over skriftleg materiale .....</b>	<b>73</b>
<b>Vedlegg 2: Innholdsliste CD-ar: .....</b>	<b>84</b>

# Føreord

Det har vore ei glede å vera student på HiT Rauland desse to åra og kunne arbeide med eit prosjekt som dette. Sommaren 2012, då eg framleis var i tvil om eg skulle starte på masterstudiet, hugsar eg godt ein kommentar frå ein av dei tilsette om at mange brukte dette studiet som ein døropnar for å koma vidare med fagfeltet eller interessene sine. Denne kommentaren gjorde utslaget for mitt val, og eg må verkeleg seia at dette studiet har opna mange nye dører for meg. Eg har hatt to fantastiske reiser til USA og møtt utruleg mange hyggelege og interessante folk. Ja, eg har fått mange nye vener "over there" som eg heilt klart vil halde kontakten med. I tillegg har eg fått gå grundig inn i eit emne som eg har stor interesse for og gjerne vil arbeide vidare med, det har vore moro og eg har lært mykje. Under arbeidet med denne oppgåva har eg hatt hjelp av mange, både her heime og i USA, og alle fortener ein takk.

Fyrst og fremst vil eg takke rettleiarane mine, Leiv Solberg og Frode Nyvold, for god hjelp til å finne informantar i starten av prosjektet og for god rettleiing undervegs, Tellef Kvifte for hjelp i studio, sonen min, Martin Lien Jomafjell, for uvurderleg hjelp med filmredigering, Elin Moberg for gjennomlesing og konstruktive tilbakemeldingar, og medstudentar for gode innspel og nyttige samtaler. Eg vil også takke alle informantane og intervjuobjekta mine, dei fleste av dei er nemnde i kjeldelista på side 66-67.

Tusen takk til gjestfrie folk som inviterte meg heim til overnatting og mat: Arna Rennan, Debbie Skeivik, Renie Erickson, Jim Leary, Rhonda og Chris Storlie, Ruth og Ken Rupp og ikkje minst Rachel og David Storlie som har hyst meg under begge reisene mine og skaffa meg avtaler med mange interessante folk. I tillegg vil eg takke Lee Grippen for å ha brukt ein laurdag på å ta meg med til Norskedalen og Kari Tauring for heilt spontant, etter 10 minutts kjennskap, å ta meg med på ein innsamlingsrunde i Minneapolis, mellom anna til Ingebretsen's. Takk også til Karen Grey som drog i trådane så eg fekk opptre på kyrkjekonsert i Waukon og til Emma Landsom som gav meg alle dei norske songbøkene sine! Takkast må også adm. dir. i NAHA, Jackie Henry, arkivar ved Vesterheim museum, Jennifer Kovarik, Jonathan Storlie ved Giants of the Earth Heritage Center og professor ved universitetet i Madison, Jim P. Leary, for god hjelp.

Det er 5 vedlegg til oppgåva. Nr.1: Liste over skriftleg materiale, nr.2: Innholdsliste for CD-ane, nr.3: CD med eigne innspelningar av songane i kapittel 5.4, nr.4: DVD med opptak av ulike informantar, nr.5: CD med eksempel på musikkutgjevingar frå nokre av intervjuobjekta mine. Desse er tekne med for å gje eksempel på kva som finst av norsk

song gjeve ut på CD i USA i våre dagar. Den siste songen "The Emigrants" er laga av Dave Nelson frå Stoughton i Wisconsin, som ein heider til dei norske emigrantane.

Møsstrand 10.05.2014

Inger Lien

*"Tradisjon er røttene våre, hverken mer eller mindre.*

*Tradisjon er det landskapet vi kommer fra og som vi beveger oss gjennom, der veiene vi går på blir musikk.*

*Tradisjon er ikke en begrensning - den er en gave.*

*Den er ingen fremmed makt, den er vår skjulte rikdom.*

*Uten tradisjon blir vi fattige og kalde. Det som ikke er tradisjon er plagiat.*

*Tradisjonsmusikken forteller hvem vi er, hvor vi kommer fra og - enda viktigere - hva vi en gang kan bli. Den er en bro over tiden der fortid og fremtid møtes og omfavner hverandre som nære slektninger." (Ole Paus, NrK 1, 18.01.2014)*

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

”Nei, den som hadde sete på ein farm i Dakota!” Dette utbrotet høyrde eg rett som det var i oppveksten. På ein liten fjellgard på Møsstrand var det bratt, steinete og tungdrive, og under arbeidet på garden drømde far min ofte om farmen i Dakota han eigentleg skulle ha arva i ungdomen. Der skulle livet ha vorte heilt annleis, med flate jorde, store vidder og mykje pengar. Draumen om Amerika levde i han.

Alt i denne tida vakna interessa mi for emigrantane. Og midt på 70-talet då Alfred Hauge sin trilogi om Cleng Peerson, pioneren blant utvandrarane, kom som opplesing på radioen, sat eg som klistra til apparatet og tykte det var utruleg spennande. Eg las også mange bøker om utvandringa.

Sidan eg også har vore interessert i song og drive med kveding heile livet, fall det nokså naturleg for meg å velje emigrantane og deira songar som tema for masteroppgåva mi. Eg har ofte tenkt på kva dei tok med seg av både materiell og immateriell norsk kultur, og kva som har skjedd med alt dette. Tinga deira finn me på museum, mange av historiene deira er skrivne i bøker eller laga filmar om, men kva skjedde med musikken og songen? Fleire før meg har vore i USA og samla felemusikk blant norskamerikanarar, men ikkje mange har leita etter songar. Nokre amerikanarar har sjølve drive med innsamling, men i Noreg er det veldig få som har interessert seg for norsk folkesong blant norskamerikanarar.

Derfor fann eg altså ut at dette ville eg undersøke.

## 1.2 Problemformulering

Me veit at svært mange av dei som utvandra til USA mellom 1825 og til langt utpå 1900-talet kom frå rurale strok der folkemusikken stod sterkt, til dømes Gudbrandsdalen, Hallingdal og mange bygder i Aust- og Vest-Telemark. Derfor er det naturleg for meg å tenkje at mange av desse folka kunne viser, slåttestev, bånsullar og religiøse folketonar som dei sjølv sagt bringa med seg når dei reiste. Foreldre og besteforeldre song for ungene, dei song heime, til arbeidet, i kyrkja og på skulen. Mange var lærarar og prestar, desse kunne også både folketonar og andre songar. Kvar vart desse songane av? Vart dei tekne



vare på gjennom generasjonane? Gjekk dei i arv i ein munnleg tradisjon, eller vart dei skrivne ned? Vart dei endra, fekk nokre av dei t.d. engelsk tekst? Eller vart dei rett og slett gløymde og forsvann? I så fall, kvifor? Kva har dei norske folkesongane hatt å seie for identitetskjenninga til dei norskætta i USA?

Alle desse spørsmåla førde meg fram til fylgjande problemformulering:

- Dersom den norske songarven framleis lever blant norskætta i USA, kva endringar har den gjennomgått når det gjeld stil og bruk, eksisterer til dømes den uformelle heimesongen eller fungerer norsk song berre som ein identitetsmarkør for norskamerikanarane i det offentlege rom?

### 1.3 Avgrensingar

Det var i hovudsak 3 viktige faktorar som avgjorde kva for avgrensingar eg måtte setje for oppgåva mi. Den fyrste var storleiken på landet USA. Den andre var tida eg hadde til rådvelde og den tredje var økonomi. Det ville ta svært lang tid og bli veldig kostbart viss eg skulle nå over mange statar i USA, så eg konsentrerte meg om tre av dei som er mest «norske»; Minnesota, Iowa og Wisconsin. Eg hadde håpa å koma innom Nord-Dakota også, men det vart det ikkje tid til. Eg reiste over til USA to gonger, den eine turen varde i 3 veker, den andre i 9 dagar. På desse to turane rakk eg heller ikkje å innom alle stadene som kunne vore interessante i desse tre statane, så empirien eg har samla må sjåast på som eit utdrag av det som finst, spesielt når det gjeld munnleg kjeldemateriale. Her har eg nok berre rispa litt i overflata. Men sidan eg har vore innom dei største universiteta i Minnesota, Iowa og Wisconsin og i tillegg vore innom fleire kyrkjer, historiske arkiv, bibliotek og museum, reknar eg med at eg har funne mykje av det som finst av skriftleg materiale i området. Eg har også funne skriftleg materiale i mange private heimar.

Undervegs i arbeidet ser eg også at det ligg eit tyngdepunkt i området der Iowa, Wisconsin og Minnesota møtest. Det er her eg har funne mest stoff, og det er også her hovudvekta av norskætta amerikanar i desse tre statane bur.

Eg har valt å sjå både på skriftleg og munnleg materiale. I utgangspunktet var eg mest interessert i munnlege kjelder, men sidan det faktisk ikkje var så mykje å finne av munnleg tradisjon, valde eg å samle mest mogeleg skriftleg materiale også. Vedlegg 1 viser kva eg har funne av skriftleg materiale i ulike arkiv, bibliotek, kyrkjer, korarkiv, musé og universitet, men sidan dette er nokså omfattande, har eg valt ut berre nokre få songar som

eg ser grundigare på i kapittel 5.4. og også presenterer på CD 1 som ligg ved. Av dei munnlege kjeldene har eg gjort eit utval av dei eg meiner er mest interessante for prosjektet mitt og presenterer lydopptak eller filmopptak av dei på CD 2. Blant dei mange intervjuar eg har gjennomført har eg også gjort eit utval der eg går grundig inn i kva informanten har sagt. Her har eg medvite gått inn for å velje informantar med ulik bakgrunn og innfallsvinkel til spørsmåla eg stiller.

### 1.3.1 Omgrepsforklaringar

**Folkesong:** I oppgåva har eg brukt dette omgrepet både om tradisjonelle songar med ukjent opphav som er munnleg tradert og om songaktivitet som ikkje er profesjonell song, men det ein kan kalle allmennsong sunge på gamle folketonar.

**Nystev:** Vers på fire liner med enderim. Andre lina rimar på den fyrste og fjerde lina rimar på den tredje. Der finst tusenvis av nystev i Noreg og omlag 40 ulike stevtonar.

**Heimesong:** Den introverte, uformelle, private songen som vart sunge i heimane og som aldri kom ut på ein kappleik- eller konsertscene. Ofte var det kvinner som song i heimen, anten for borna eller under arbeidet, men heimesong vart sjølvstilt også utført av menn.

**Den norske identitetskjenninga:** Med dette meiner eg kjenninga dei norskætta har av å vera norske, korleis dei ser på seg sjølve og omtalar seg sjølve som norske fordi dei er av norsk opphav.

## 1.4 Tidlegare forskning på området

Det har vore gjort lite forskning på songen blant dei norske utvandrarane og etterkomarane deira, spesielt frå Noreg. Kvedaren Kirsten Bråten Berg var til USA for fleire år sidan for å leite etter stev blant norskamerikanarar, men ho fann så godt som ingenting. "*Dans og musikk er levande, men stevtrad fann eg lite og ingenting av.*" (E-post frå Kirsten Bråten Berg 09.01.2013) Ho meinte det hadde å gjera med at folk ikkje kunne det norske språket lenger, men eg trur det må vera andre årsaker. Det kan vera ulike grunnar til at ho ikkje fann noko, ein av dei kan vera at ho ikkje oppsøkte dei rette miljøa, for på mine turar fann eg mange som framleis kunne norsk, men likevel ingen som kunne synge stev. Ruth Anne Moen frå Suldal starta eit prosjekt i 1991 då ho drog til Midtvesten på leit etter vokal folkemusikk, fortrinnsvis frå Suldal. Undersøkingane sine gjorde ho i Iowa, Wisconsin, Minnesota og North Dakota. Ho meinte at sidan norskamerikanarane var så flinke til å ta vare på ulike norske tradisjonar, måtte då nokon også ha teke vare på songtradisjonane? Ho

fann ikkje så mykje av det ho leita etter, men gjorde omtrent dei same erfaringane som eg; det ho fann var nasjonale songar, nostalgiske viser og nokre bårsullar og voggeviser. Ho skriv i notata sine: *Eg var på jakt etter vokalmusikken - songane. Likevel som mange har tatt vare på norske mattradisjonar, må det vel vere dei som har tatt vare på norsk songtradisjon? Det viste seg å vera tidkrevjande å finne ut av dette. Det er jo nemleg slik at det snart ryktast om du spelar eit instrument, t.d. fele eller durspel som var populært til dans. Men at ein song i heimen? For borna? Det kunne ein gjere eit heilt liv utan at nokon fekk greie på det. Så eg leita vel helst etter den berømte "nåla i høystakken". (Moen sine notat 1991 og 2007)* Moen hadde tenkt å ta ein ny tur til USA for å forske meir på dette, men ho vart dessverre sjuk og døydde før ho fekk fullført arbeidet. Eg har funne notata hennar på Folkemusikkarkivet for Rogaland på Ryfylkemuseet, der har dei også opptaka ho gjorde.

I USA finst det fleire som har forska på songarven blant utvandrarane og etterkomarane deira. I Wisconsin gjorde Helene Stratman -Thomas (1896-1973) eit stort innsamlingsarbeid på byrjinga av 1940-talet. Ho var tilsett som "Assistant Professor" i musikkavdelinga ved The Music Hall ved University of Wisconsin i Madison og fekk ansvaret for eit statstøtta prosjekt der ho skulle reise rundt i Wisconsin og samle folkemusikk blant immigrantar av ulike nasjonalitetar, deriblant norske. Ho gjorde tre reiser i løpet av ein 6-årsperiode og samla inn folkemusikk frå omlag 30 ulike etniske grupper. Samlinga hennar finst i Wisconsin Music Library ved universitetet i Madison.

*"In the summer of 1940 I was given the opportunity to be one of the field workers for the Wisconsin Folk Music Recording Project sponsored by the University of Wisconsin and the Library of Congress (...). When we returned at the close of our first summer's collecting with recordings of songs from the people of Wisconsin in more than twenty different languages, we felt as though we had, for the first time in our lives, really learned to know Wisconsin."*

*Helene Stratman-Thomas journal entry from Folk songs out of Wisconsin (Madison : State Historical Society of Wisconsin, 1977)*

*([http://music.library.wisc.edu/hst/hst\\_biography.htm](http://music.library.wisc.edu/hst/hst_biography.htm))*

Basert på innsamlingsreisene sine laga ho seinare ein programserie på radio og etter at ho døydde vart boka "Folk Songs out of Wisconsin" (1977) gjeven ut. Seinare har det også kome ein CD med 22 av Helene Stratman-Thomas sine opptak; "Folk Music from Wisconsin". Ein av mine informantar, James (Jim) P. Leary, professor i folklore og skandinaviske studiar ved University of Wisconsin i Madison, har også skriva ei bok om

Helene Stratman-Thomas og innsamlingsarbeidet hennar, og ein del av opplysningane om henne og arbeidet hennar har eg henta frå notat eg har fått frå J.P.Leary. Han seier at ho kanskje ikkje er den mest profesjonelle, uthaldande eller produktive innsamlaren, og heller ikkje den fyrste samlar av folkemusikk i Wisconsin, men ho er, og vil kanskje alltid vera, den mest signifikante. Blant Helene Stratman-Thomas sine informantar finn ein mellom anna Brita Lothe som var fødd i Noreg i 1871 og emigrerte i 1896. Ho vart introdusert til Helene Stratman-Thomas i 1946 gjennom ein kjenning og fekk eit brev frå henne. I svaret sitt skreiv Brita at ho gjerne ville hjelpe med innsamlingsarbeidet viss ho kunne vera til nytte. *"Eg har budd i Wisconsin i nesten 50 år og arbeidd hardt det meste av tida. Men desse norske folketonane har gjort dagane mine ljosare mang ein gong medan me har arbeidd hardt med å rydde land og byggje oss ein heim i dette velsigna land av moglegheit"*, skreiv ho. ( frå J.P. Leary sine notat) Ho fekk med seg ein granne, Hanna Haug, ho var 14 år yngre og hadde emigrert frå Noreg i 1901. Saman song dei inn mange songar for Helen Stratman-Thomas, t.d. "Her er det land" av Ivar Aasen, "I fjor gjette eg geiten" og "Hugen fer so vida". Tekstane til desse har eg funne i eit handskrive brev frå Brita Lothe til Helen Stratman-Thomas, datert 3. september 1947. Opptaka finn ein i Wisconsin Folksong Collection, 1937-1946 . Ei anna av Stratman-Thomas sine kjelder var læraren Alice Everson, fødd i 1891. Foreldra hennar var begge born av norske immigrantar. Ho las om Stratman-Thomas sitt innsamlingsprosjekt i avisa og skreiv til henne. Everson fortalde om seg sjølv at ho berre var ei vanleg kvinne med ei vanleg stemme, men ho kunne mange norske folkesongar ho hadde lært av foreldra sine. 12 av desse finn me i Wisconsin Folksong Collection, mellom anna "Kom kyra", "Astrid mi Astrid", "Tulla", "Husmannens klagesang", "Kattyglovisa" og "Kjølstadvisa". Hans Waag var også ein av Stratman-Thomas sine informantar. Han var fødd i Noreg i 1877 og emigrerte i 1902. Han var også lærar. Wisconsin Folksong Collection har 4 opptak av han, eitt av dei er "Du gamle mor" av Aasmund Olavson Vinje. Denne songen var svært populær i USA og både denne og "Her er det land" av Ivar Aasen hadde vore trykt i "Sangbog for Sønner af Norge" heilt sidan 1926. Eg har gått gjennom arkivmaterialet etter Helene Stratman-Thomas på University of Wisconsin i Madison, men sjølv om det er eit omfattande materiale, er det berre ein liten del av det som omhandlar norske folkesongar.

James (Jim) P. Leary (f.1950), professor i folklore og skandinaviske studiar ved University of Wisconsin i Madison, har gjort mykje feltarbeid på folkemusikk. Han er ikkje musikar sjølv, men har vore fascinert av språkmangfald og ulike typar folkemusikk heilt sidan oppveksten i eit multikulturelt område i Rice Lake i Wisconsin. Han fortel at dei kunne høyre skandinavisk musikk på live radio då han var liten, men det meste var anten

instrumentalmusikk eller humoristiske songar på "Scandihoovian dialect", altså engelsk med sterk skandinavisk aksent. Gjennom mange år med feltarbeid og innsamling av folkemusikk frå ulike etniske grupper, har han ikkje kome borti mange som kunne syngje på norsk.

*"My encounter of people actually singing in Norwegian has been pretty limited to only a few performers. I've run into a lot more who play instrumental tunes, which is much more the common thing." (Intervju med J.P. Leary 29.05.2013)*

Han fortel likevel at han i 1981 kom over eit par eldre kvinner som song norske songar heime. Dei song mellom anna "Paal Paa Hougen" (Pål sine høner), "Å kjøre vatn og kjøre ved" og "Se Norges blomsterdal".

Den norskamerikanske musikken han har samla er å finne på "Norwegian American Folk Music Portal". (<http://vanhise.lss.wisc.edu/nafmp/>) Denne nettstaden er eit samarbeidsprosjekt mellom Vesterheim Museum, Center for the Study of Upper Midwestern Cultures, The Folklore Program, Mills Music Library og avdelinga for skandinaviske studiar ved universitetet i Madison, der Jim Leary er tilsett. Nettstaden tilbyr lister over artistar som syng og spelar på norsk, mellom anna Bruce Bollerud, Norskedalen Trio, Foot-Notes og andre som framleis er aktive, pluss ein del eldre opptak. Der er også lenker til andre nettstader der ein kan høyre opptak med desse artistane. Jim Leary sjølv har gått meir og meir over frå innsamling og feltarbeid til å arbeide med arkivering. Han er oppteken av at materialet han og andre har samla inn skal bli arkivert og preservert for ettertida på best mogeleg måte. Derfor er fleire av studentane hans no i sving med arkiveringsarbeidet. Ei av Jim sine studentar, Anna Rue, driv med ein doktorgrad (PhD) i norskamerikansk song og musikk. Eg hadde ei samtale med henne i mai 2013, men fekk dessverre ikkje høyrte så mykje om prosjektet hennar og kva ho hadde funne så langt.

## 2 Identitet

I denne oppgåva brukar eg omgrepet identitet i samband med norskamerikanarane sitt forhold til norsk folkesong og andre norske tradisjonar. Dei er opptekne av å ta vare på sin norske identitet. Med dette meiner eg biletet dei har av seg sjølve, at dei er av norsk opphav og at mange dermed reknar seg som norske. Omgrepet identitet er omstridt og kan definerast på mange ulike måtar. Even Ruud skriv i boka "Musikk og identitet":

*Det synes ikke å være noen enighet i litteraturen om hvordan "identitet" skal defineres. Vi bruker identitetsbegrepet om rent ytre kjennetegn ved individet, som navn, kjønn, alder, yrke, om personlige kjennetegn som i en spesiell kombinasjon skiller oss som individer fra andre. En slik "offentlig" identitet kunne suppleres med mer objektive trekk som fingeravtrykk, DNA-profil eller fødselsdato. Går vi til sosial-og personlighetspsykologien, ser vi at identitet kretses inn ved vår personlighet, særtrekk ved våre holdninger eller vår "karakter" som skiller oss fra andre. Det er imidlertid ikke først og fremst i denne retningen jeg tenker når jeg ønsker å bestemme identitetsbegrepet. Snarere tenker jeg på identitet i en mer subjektiv, fenomenologisk forstand, som en del av vår indre, opplevde oppmerksomhet på oss selv, som en "identitetsfølelse". (Ruud, 2009, s. 45-46)*

Som Ruud, tenkjer eg også på identitet i subjektiv forstand, altså korleis folk eg har møtt snakkar om seg sjølve og ser på seg sjølve som norske eller både amerikanske og norske. Dei fleste eg har snakka med tykkjer det er viktig å framheve at dei er av norsk ætt, dei ser på det som noko svært positivt. Bruce Bollerud (f.1934) frå Madison i Wisconsin seier i intervjuet eg gjorde med han at han er norsk. Han kjenner seg norsk sjølv om han er fødd i USA, det var foreldra hans også. Men han har eit syskenbarn i California som kjenner seg amerikansk og ikkje forstår dette med å vera norsk. Dette er fordi ho har vakse opp i eit anna miljø der dei ikkje er så opptekne av etnisk opphav. I skuletida vart han ofte spurt kva han var, i tydinga kva slags etnisk opphav han hadde, og då svara han alltid at han var norsk. Men då han spurde syskenbarnet sitt i California om det same seier han at "...she didn't understand what I was talking about". (Intervju med Bruce Bollerud 29.05.13)

*Identitet dreier seg ikke minst om å oppleve tilhørighet til et bestemt sted. Hvor vi kommer fra og steder vi føler oss knyttet til, synes å inngå som viktige bestanddeler i vårt selvbylde. Vår nasjonstilhørighet er sentral når vi skal summere opp vår identitet, særlig når vi presenterer oss for utlendinger. (.....) Å ha "røtter" et eller annet sted inngår sentralt i den konstruksjonen vi kaller identitet. (Ruud,2009, s. 157)*

Nasjonaltilhøyrse og identitet kan ein framheve eller presentere gjennom kulturell aktivitet av ulike slag. Jan Sverre Knudsen (Knudsen, 2005, s. 278) snakkar om to ulike funksjonar som pregar måtar å omtale eller legitimere kulturell aktivitet på:

-Katalytisk funksjon som handlar om å byggje eit fellesskap, skape samhøyr, osv.

-Emblematisk funksjon som handlar om å synleggjera gruppa overfor omverda, det samfunnet som omgjev gruppa.

I dei tidlegaste norske miljøa i USA hadde den kulturelle aktiviteten i fyrste omgang ein katalytisk funksjon. Dei fyrste immigrantane søkte saman i eigne samfunn, gjerne i hop med sambygdingar frå heimlandet. Her bygde dei eit fellesskap rundt eiga kyrkje og eigen skule, og alle snakka same dialekt og hadde omlag dei same tradisjonane med seg frå Noreg. Byggjeskikk, klesstil, handverkstradisjonar, mattradisjonar og musikk var noko dei hadde felles. Likevel var dei opptekne av å bli amerikanske, det var viktig å bli raskt assimilert i miljøet rundt, lære språket og tileigne seg den amerikanske kulturen. Dette vart viktigare og viktigare etter kvart som tida gjekk. Utover i generasjonane har den kulturelle aktiviteten deira svinga meir over til å ha ein emblematisk funksjon. I mange delar av USA, både i storbyar og på mindre stader, blir det arrangert norske festivalar, konsertar og høgtidsfeiringar for å synleggjera den norske kulturarven. Dei viser fram norske flagg, bunader, rosemåling og norsk folkedans og -musikk. Men mange av dei folka eg har møtt brukar framleis kulturelle aktivitetar på det ein kan kalle ein katalytisk måte. Dei har sterke band seg i mellom og brukar song og andre kulturformer for å styrke samhaldet og dyrke fellesskapet. Svært mange brukar norske ord og uttrykk, har norske flagg, rosemåla ting eller andre typiske norske ting i heimane sine, mange gjeng med norske strikkeplagg og er glade i norske matrettar som rome-graut og lefse. Song og musikk er ein viktig faktor i arbeidet med å ta vare på røtene og som identitetsskapar. Bruce Bollerud er ein av dei eg har møtt som seier at det viktig å ta vare på norsk musikk og norske tradisjonar. Det er ein viktig del av livet hans, seier han, og det har det alltid vore. Han reflekterte ikkje så mykje over det då han var ung, sjølv om han spela norsk musikk heilt frå han var 12 år gamal. Etterkvart som han har blitt eldre har røtene og den norske arven blitt viktigare og viktigare for han. (Intervju med Bruce Bollerud 29.05.2013) I Spring Grove hadde eg omlag 10 personar med på eit gruppeintervju og dei var alle einige om at det var svært viktig for dei å ta vare på dei norske tradisjonane. På spørsmål om kvifor dei tykte det var viktig, svarta ei av dei: *"I'm proud to be Norwegian"* (Emma Landsom 31. 05. 2013)

*Personer som er rykket opp fra en kultur og kanskje vel integrert i sitt nye hjemland, opplever at musikken vekker minner om tilhørighet til deres første fellesskap. (Ruud, 2009, s. 164)*

Dette er det mange av mine informantar som kan bekrefte, sjølv om dei fleste av dei faktisk er fødte og oppvaksne i USA. Dei veit ikkje korleis det er å bli rykt opp frå røtene sine, men har eit sterkt forhold til det besteforeldra eller oldeforeldra opplevde då dei emigrerte. Musikken vekker kjensler av tilhørslse til Noreg blant desse som er etterkomarar også.

*Det er kanskje ikke tilfeldig at det gjerne er folkemusikken som har den mest sentrale plassen i dette arbeidet for å vedlikeholde forestillinger om det sted man forlot. Folkemusikk og folkedans over hele verden er uttrykksformer som høylydt proklamerer at det er sted det handler om. Utallige folkesanger er rene hyllingsdikt til sted. Det handler om lokalmiljøet, om bygda, om dalen, om regionen og om nasjonen. (Knudsen, 2005, s. 262)*



### 3 Utvandringa til Amerika

Sjølv om nordmenn har reist til Amerika heilt sidan Leiv Erikson si tid, vert det rekna at utvandringa offisielt starta i 1825. Det var då "Restauration" reiste frå Stavanger med dei fyrste emigrantane. Det er ingen sikre tal på kor mange som emigrerte, men Sverre Mørkhagen viser til tal frå Statistisk sentralbyrå og frå A-magasinet's Amerikanummer frå 1975 der dei hevdar at i dei 100 åra fram til ca 1930 var det omlag 800 000 nordmenn som emigrerte til USA og Canada. (Mørkhagen,2010,s. 586) Dei fyrste åra segla emigrantane i land i New York og derifrå reiste dei vestover. Den vanlege vegen var med dampbåt opp Hudson River til Albany, med kanalbåt vidare til Buffalo og så med båt over dei store sjøane til Chicago eller Milwaukee. På denne måten kom dei inn i statane Wisconsin og Illinois, og svært mange slo seg ned her i den fyrste tida. Etterkvart som tida gjekk vart den største straumen av norske emigrantar segla til Quebec i Canada, men likevel var det svært mange av dei som ville vidare til sine landsmenn i Midtvesten i USA. Turen gjekk då med elvebåt til Buffalo og vidare same veg som immigrantane frå New York.

Kven var det som reiste? Me tenkjer som regel at det var fattigdom og naud som dreiv folk til å selje hus og heim og reise til Amerika, og for svært mange var det nettopp økonomiske motiv som låg til grunn. Folk hadde store barnekull og levestandarden hadde auka såpass at prosenten av barn som døyde hadde gått ned. Samtidig var det lita industriell utvikling i Noreg på 1800-talet, så det var ikkje arbeid å få for alle. Gardar vart delt i fleire små einingar innom familiar, men det vart vanskeleg å brødfø seg på desse små bruka. Nauda vart stor og mange såg derfor Amerika som utvegen til eit betre liv. Ein del reiste også av religiøse grunnar, slik som kvekarane og haugianarane som var forfylgde i Noreg. Religionsfridomen i Amerika lokka. Etterkvart byrja det å koma brev frå dei som hadde emigrert der dei fortalde om deira nye liv i "det forjettede land" . "Amerikafeber" spreidde seg i Noreg og snart var det folk frå alle samfunnslag som valde å emigrere. Svært mange reiste frå område der folkemusikken stod sterkt, mellom anna frå Tinn og andre delar av Øvre Telemark.

Tinn var den kommunen i landet der størst prosent av innbyggjarane emigrerte. Blant desse var det både husmenn, bønder, handverkarar og folk frå høgare samfunnslag.

A.A.Svalestuen skriv på s. 245 at i perioden 1837-1877 emigrerte 9 lærarutdanna menn frå Tinn som alle hadde vore "skoleholdere", og det reiste også spelemenn. Frå Vinje emigrerte 4 lærarar berre i året 1861, skriv han. At alle desse tok med seg song og musikk frå distriktet er vel temmeleg sannsynleg.

Utvandrarane ynskte å starte eit nytt liv i fridom og sjølvstende, men samtidig var dei glade i fedrelandet og medvitne om at dei ikkje måtte gløyme gamle Noreg og stader og folk dei hadde reist frå. Derfor var mange av dei også flinke til å ta vare på norske tradisjonar og norsk musikk og bringe dette vidare nedover i generasjonane.

*De norske etterkommerne i Amerika har vært stolte av å være norske, og de er det fortsatt - det viste de også under jubileet i 1975. I mange miljøer hadde de tatt vare på folkekunsten, mattradisjonene, treskurden, rosemalingen og tonekunsten som verdifulle kuriositeter forfedrene hadde hatt med seg fra Norge en gang for lenge siden, og de beundret norske bønder på 1800-tallet for deres evne til å skape og gjøre selv fattige dager vakrere med sparsomme midler. (Mørkhagen,2010, s.587)*

Tonekunsten vil i dei fleste tilfelle seia instrumentalmusikken, og i hovudsak runddansmusikk på fele. Den særprega norske folkemusikken, slåttespelet og folkesongen vart ikkje preservert på same måten.

### 3.1 Nordmenn i Wisconsin

Dei fyrste norske "settlements" i Midtvesten var i Fox River Valley i Illinois. Her var det eit vanskeleg klima for nordmennene og det braut ut fleire epidemiar i løpet av den fyrste tida. Mange hundre døydde og etterkvart byrja derfor både nye og gamle immigrantar å flytte seg nordover mot Wisconsin. Dette vart eit svært populært område å flytte til då mange område i Wisconsin har ein natur som liknar på den norske og eit tørrare og betre klima enn i den fuktige Fox River dalen i Illinois. Sommaren 1839 kom det til dømes 40 immigrantar frå Øvre Telemark saman med ei gruppe på 20 frå Stavanger. (Fapso,2001, s. 11) Desse kom med båt til Boston og reiste vidare langs Erie Canal og over dei store sjøane til Milwaukee. Meininga var nok å reise til Illinois, men dei hadde høyrte rykte om epidemiane og alle dødsfalla der, så dei valde å busetje seg ved Lake Muskego i Wisconsin i staden. Det viste seg dessverre å vera eit fuktig og helsefarleg klima også her. Svært mange døydde av malaria og kolera i løpet av få år.

Bildet finnes kun i den trykte utgaven



*Figur 1 (Fapso,2001, s. 4)*


Det vart snart etablert fleire store norske "settlements" i Wisconsin og etterkvart som talet på immigrantar auka, flytta dei seg nordover og vestover i området. Nordmenn slo seg ned over heile Wisconsin, men ein av dei tettaste norske koloniane var i Vernon County i den

vestlege delen av staten, på grensa mot Minnesota. Her finn me Coon Valley, der Norskedalen ligg.

*"Coon Valley's steep hills and fertile valleys struck early immigrants with its beauty and its vague similarity to Norway, prompting enthusiastic letters home, urging others to follow. Hundreds arrived, filling the region and creating the most distinctly Norwegian settlement in western Wisconsin." (Fapso, 2001, s. 15)*

Nokre av etterkomarane etter desse har eg treft på reisene mine, mellom anna to av barnebarna til Anton Rundhaugen som budde i Skogdalen berre nokre kilometer frå Coon Valley. (R.J.Fapso skriv at han budde i Dane County litt lenger søraust i Wisconsin, men det stemmer ikkje med det dei to barnebarna hans har fortalt meg). Anton Rundhaugen spela hardingfele og hadde speleoppdrag rundt i området.

Bildet finnes kun i den trykte utgaven



*Figur 2: Konsertplakat frå tidleg 1900-tal. (Mt Horeb Area History Society)*

I kapittel 5 fortel eg frå intervjuet eg gjorde med Myron Rundhaugen og Tilford Bagstad som altså begge er Anton Rundhaugen sine barnebarn. Det ligg også film -og lydopptak med dei på CD 2.

Immigrantane møtte mange kulturelle barrierar sjølv om dei busette seg i koloniar blant egne landsmenn. Det var både praktisk og trygt å halde seg til sine egne, både med tanke på språk og levesett, men for å bli ein del av det amerikanske samfunnet vart dei nøydde til å tilpasse seg. Språket var den viktigaste barrieren, engelsk var eit framandspråk, men ville ein overleva økonomisk måtte ein lære seg engelsk. Ein fekk nemleg betre løn på arbeidsplassen viss ein kunne engelsk. Dessutan var landbruket fullt av maskiner

og utstyr dei ikkje hadde i Noreg, så dei måtte lære dei engelske namna på desse. Klesstil, mat og anna måtte også tilpassast dersom ein skulle bli integrert. Tradisjonelle drakter, matrettar, skikkar og levemåtar vart dermed gradvis fortrent. Slik gjekk det nok også med den tradisjonelle musikken.

## 3.2 Spring Grove, Minnesota

På jakt etter land vart immigrantane nøydde til å reise lenger og lenger vestover, og dei spreidde seg derfor vidare over til vestsida av Mississippi, til statane Iowa og Minnesota. Det busette seg nordmenn i alle delar av Minnesota, men eg har valt å sjå nøyare på den vesle byen Spring Grove som ligg langt sør og aust i Minnesota, nesten på grensa til Iowa. Eg har lært om byens historie gjennom samtaler med innbyggjarane der og også gjennom Chad Muller si bok "Spring Grove, Minnesota's First Norwegian Settlement". Området der Spring Grove ligg var i utgangspunktet winnebagoindeanarane sitt land, men i 1848 vart dei drivne vekk av styresmaktene. Ikkje lenge etterpå kom nybyggjarane frå Noreg, og den fyrste nordmannen slo seg til her i 1852. Han kom opphavleg frå Stavanger og hadde budd i Iowa ei stund, men fann seg nytt land i Minnesota der Spring Grove ligg i dag. Han fekk etterkvart fylgje av mange andre, både nykomarar og folk som alt hadde vore i Amerika ei stund. Dei fleste kom frå Iowa eller Wisconsin fordi det byrja å minke på landområde å få tak i der. I Wisconsin vart det gjeve ut ei norsk avis, "Emigranten", og i denne kunne dei lesa at det fanst ledig land i Minnesota. Spring Grove vert rekna som det fyrste norske "settlement" i Minnesota, og på grunn av alle nordmennene som flytta dit vart det også kalla "Norwegian Ridge". Her var det djupe dalar og elvar som bukta seg i dalbotnane, naturen her kunne minne om Noreg, og det var nok derfor mange slo seg til ro her. Immigrantane tok godt vare på det norske språket og også på egedelar og tradisjonar dei hadde med seg frå Noreg. Dei kom raskt i gang med å stifte ein kyrkjelyd og med å drive skule. I byrjinga hadde dei omgangsskule, men i 1857 vart det bygd skulehus. I 1860 starta dei med å byggje ei norsk luthersk kyrkje i Spring Grove, denne stod ferdig i 1866. Sjølv om dei ynskte å ta vare på det norske, vart presset større og større for å tilpasse seg det amerikanske samfunnet. På skulen var det ikkje lov å nytte norsk, elevane vart straffa viss dei snakka morsmålet sitt. Språket vart meir og meir utvatna og vart etterkvart ei salig blanding av engelsk og norsk. Dei utvikla rett og slett eit slags eige immigrantspråk. I heimane var det vanleg å snakke norsk, men ute måtte dei snakke engelsk for å bli amerikanske. I 2. og 3. generasjon vart det norske språket gardvis borte. Tilpassinga til det amerikanske galdt ikkje berre språket, det galdt både klesstil, møblar, matvanar og levemåte. Det tradisjonelle norske vart til dels rekna som gamaldags og avleggs. I Spring

Grove vart likevel ikkje alt det norske kasta på båten, dei opprettheldt ein del av dei norske tradisjonane sine og har i vår tid starta ein del nye. Dei stifta mellom anna eit "Hallinglag" og eit "Totenlag" og i 1880 stifta dei foreininga "Fremad". Denne hadde møte kvar veke der dei hadde føredrag, lesing og musikk. Alt på norsk. *"Norwegian immigrants in Spring Grove celebrated many old and new traditions when they came to America. One of the most important new traditions was Homecoming. The first celebration was held in 1907, and continues to this day. Every ten years, thousands of past and present residents meet in Spring Grove to reminisce and celebrate their history."* ( Muller,2002, s. 99)

I tillegg vart det i 1928 stifta ei avdeling av "Sons of Norway"; Valheim Lodge nr. 364. På denne måten greidde dei å ta vare på ein del av dei norske tradisjonane. I våre dagar feirar dei m.a. joletefest, 17. mai, dei går julebukk, har norske gudstenester og norsk språkleir for ungar kvar sommar. I oktober feirar dei "UffDa-festival", dette er ein familiefestival med ulike aktivitetar knytt til norske tradisjonar og der dei som regel har norskamerikanske artistar på scenen. Eg var ein av artistane i 2013. Dei er også veldig glad i norske strikkeplagg og bunader og kler seg i dei for å markere deira norske identitet. Ei av mine intervjuobjekt i Spring Grove mista mannen sin i januar 2014 og i gravferda gjekk ho i bunad og heile kyrkjelyden i norske genserar for å heidre han som gjekk bort.

## 4 Metodar

### 4.1 Innsamling av data

For å gjera undersøkingar og innsamling til denne oppgåva har eg teke i bruk mange ulike metodar. Måten eg har arbeidd på kjem inn under den kvalitative forskingsmetoden, altså ein forskingsmetode som byggjer på intervju, uformelle samtaler og observasjon gjort i eit mindre utval, snarare enn ut frå ei stor gruppe menneske og ein brei statistikk. Ved hjelp av rettleiarane mine og andre kjentfolk, e-post og Facebook fann eg fram til kontaktpersonar i USA og gjorde skriftlege avtaler på førehand med St. Olaf College, NAHA (Norwegian-American Historical Association), University of Wisconsin i Madison og Vesterheim Museum, der eg fekk tilgang til og hjelp til å finne fram i arkivmateriale og bibliotek. Eg fekk også tilgang til musikkbiblioteket på Luther College, sjølv om eg ikkje hadde gjort avtale på førehand. Der køyrde eg berre innom og spurde meg fram og trefte svært hjelpsame folk, slik som alle andre stader eg var innom. På desse stadane fekk eg samla inn mykje skriftleg materiale (sjå vedlegg1) og fekk også tilgang til nokre lydinnspelningar på universitet i Madison. Eg hadde også gjort avtaler på førehand med ein del privatpersonar som skulle vera informantar eller setje meg i kontakt med andre som kunne vera nyttige for meg å møte. Leiaren for festivalen "Nisswa Stämman" hadde eg også hatt kontakt med på e-post og eg gjorde avtale med han om å koma på festivalen for å observere og snakke med folk. Gjennom informantane eg møtte fekk eg tips om andre eg burde møte og gjorde nye avtaler undervegs, både med privatpersonar og institusjonar. Eg gjorde til dømes eit spontant besøk på biblioteket i Stoughton og fekk god hjelp til å leite i musikkbøkene der. Likeeins i korarkivet i Mindekirken i Minneapolis. På dei tre vekene eg var i USA i mai og juni, gjekk eg i kyrkja fleire gonger, både på gudstenester og konsertar. Under kyrkjekaffien etterpå opplyste eg kven eg var og oppmoda folk til å ta kontakt viss dei kunne bidra med interessant stoff til prosjektet mitt. Dette var effektivt, eg blei kontakta av så mange at eg faktisk ikkje rakk å intervju alle. Eg opplevde at svært mange var opptekne av den norske songskatten og ville gjerne fortelje historia si. På ein konsert i Zalmona Presbyterian Church i Waukon i Iowa fekk eg høve til å synge under konserten og seia litt om meg sjølv. På oppmoding om å ta kontakt viss dei kunne norske songar var det mange som melde seg der også. Ein annan metode som fungerte godt for meg var rett og slett å gjera som dei gamle innsamlarane gjorde, eg reiste heilt enkelt rundt og snakka med folk. Kvar gong eg køyrde inn i ein ny by, gjekk eg inn på ein brukthandel eller på ein "norsk" butikk eller kafé (som det er mange av i Midtvesten), presenterte meg og fortalde kva eg var på utkikk etter. På denne måten kom eg i kontakt med utruleg mange

interessante og hjelpsame folk, og eg fann også gamle norske bøker, mellom anna eit par gamle salmebøker. Mange stader fekk eg tips om folk eg burde ringe eller besøke, og eg vart invitert heim til dei eg ringde til. Mange av desse besøka resulterte i korte eller lengre intervju, opptak og film, men nokre berre i trivelege samtaler. I det heile er det utruleg mykje interessant forskning ein kan drive ved eit kjøkenbord eller over ein kaffikopp. Eg brukte også å slå av ein prat med dei tilsette i slike "norske" butikkar og kafear og fekk faktisk ein del informasjon også på det viset. I tillegg har eg sjølv sagt lese mykje litteratur innan fagfeltet og prøvd å finne fram til tidlegare forskning på området. Eit viktig metodisk poeng har vore å vera medviten om at eg skulle observere og registrere songen og musikken eg vart presentert for, vera open for det eg fann og ikkje leggje føringar for meg sjølv ved å tolke eller meine noko om verdien av den.

## 4.2 Intervju

Ein god del av dei eg møtte gjennomførde eg skikkelege intervju med. Personar med ulik bakgrunn, alder, utdanning og livssituasjon. Som utgangspunkt for kvart intervju brukte eg desse 9 spørsmåla. Nokre av intervjua vart riktig nok meir som samtaler å rekne, ikkje som reine intervju, men eg passa på å koma inn på desse spørsmåla i løpet av samtalene.

1. How did you learn these songs?
2. Why do you still sing Norwegian songs?
3. Have you handed your Norwegian songs down to anyone in your family?  
(Children, grandchildren etc.)
4. Do you think the songs have changed over generations, and if so, in what way?
5. How and when do you use these songs in 2013?
6. Has the use/function changed over the years?
7. Do you find it important to hold on to the Norwegian heritage such as folk songs and other folk traditions from Norway?
8. Is this music significant for your identity as a Norwegian-American?
9. Do you speak Norwegian? Do you understand the lyrics?

Dei fyrste intervjua eg gjorde i Spring Grove vart gruppeintervju, då kontaktpersonen min der hadde samla ei gruppe folk i eit lokale og sett opp eit filmteam til å dokumentere. Dessverre vart ikkje desse filmopptaka optimale, då det vart litt for mykje rot og støy, men eit par korte klypp er likevel lagt ved oppgåva.



## 5 Resultat

### 5.1 Arbeid og undersøkingar

Utover vinteren 2013 tok eg altså kontakt med fleire universitet, museum, historiske arkiv og privatpersonar i 3 ulike statar i Midtvesten og byrja å leggje opp ein tur for å drive innsamling av empiri til oppgåva mi. Turen skulle ta tre veker, og sjølv om programmet vart nokså tettpakka, var eg også bevisst på at eg ikkje ville ha altfor spikra avtaler, då mi erfaring er at vegen blir til medan ein går, så det ville vera lurt å ha litt slingringsmon. Det viste seg å vera lurt. Eg trefte mange folk undervegs som eg ikkje visste om før eg reiste, og mange av desse vart faktisk viktigare for prosjektet mitt enn nokre av dei eg hadde planlagt å møte.

Etter å ha reist rundt i tre veker hadde eg knytt mange kontaktar og funne mykje interessant stoff, men eg følte trong til å finne ut meir. Eg reiste derfor på ein ny tur i oktober for å gjera fleire undersøkingar.

Fyrste turen starta i Minneapolis og området rundt . Eg reiste på 17. mai-feiring i Den Lutherske Mindekirken i Minneapolis fordi eg rekna med å treffe mange interessante folk der. Her møttest nemleg svært mange av dei som har norske aner og også ein del nordmenn som bur i Minneapolis for kortare eller lengre periodar. Dei møttest både til norske gudstenester med jamne mellomrom og til konsertar, foredrag, 17. mai-feiring og andre tradisjonelle høgtider. Litt ironisk var det at venene mine som eg reiste i lag med til Mindekirken også er av norsk avstamming og bur rett utanfor Minneapolis, men dei visste ingenting om dette arrangementet og heller ikkje noko om andre norskamerikanske arrangement i nærområdet. Det var eg som fortalde dei om det. Det viser at ikkje alle kjenner seg like norske, sjølv om dei har norske forfedrar. Mange tenkjer ikkje over det i det heile tatt. Nokre av dei eg snakka med på 17. mai-feiringa song i ”norske” songkor som t.d. The Glee Club. Eg fekk sjå notehefta deira, men dei inneheldt mest berre patriotiske og nasjonale songar, ingen folketonar eller kjende viser. Det hadde eg heller ikkje forventa. Etter gudstenesta og 17.maitoget var det norsk folkedans og felespel, men ingenting som likna på folkesong eller kveding.

Den fyrste informanten eg hadde avtalt å møte var LeRoy Larson som bur i St. Croix Valley. Han var med i TV-serien «De som dro vest» som gjekk på NRK på 80-talet. LeRoy har doktorgrad i skandinavisk musikk og har mange kontaktar. Han har også ei privat


samling av skandinavisk musikk. Eg hadde store forventningar til møtet med LeRoy, og han var svært hjelpsam og hyggeleg. Men det viste seg at han ikkje hadde så mykje informasjon om norsk folkesong, sidan han driv mest med instrumentalmusikk. Han hadde heller ingen gode kontaktar han kunne sende meg vidare til. Men han hadde observert noko som eg tykte var interessant: I det norskamerikanske miljøet er det forskjell på kva som er populært av musikk på landsbygda og i urbane strom. Han fortalde at han aldri vart spurdt om å spela og syngje i Mindekirken i Minneapolis, slik som «The Glee Club». Dei var eit typisk «bykor», sa han, medan han sjølv vart sett på som ein bygdemusikar som ikkje passa inn der. Derfor opptredde han ofte i kyrkjer og forsamlingshus i rurale strom rundt Minneapolis, men aldri i byen. (Intervju med LeRoy Larson 20.05.2013)

Julane Amy Beetham viser til samtaler med både LeRoy Larson, Ard Bjornjeld, Beth Hoven Rotto og Paul Wilson i masteroppgåva si. (Beetham,2005, s. 43-48) Alle desse spelar fele og var gode informantar i arbeidet med prosjektet hennar om den norskamerikanske felemusikken. Eg møtte alle desse i løpet av den fyrste turen min, men ingen av dei hadde særleg å bidra med når det galdt vokalmusikken. Dei sa alle saman at dei visste lite om norske songar, det var ikkje det dei hadde konsentrert seg om, anten i forskning eller i utøving av musikk. Beth Hoven Rotto spelar og syng i gruppa "Footnotes" saman med m.a. Bill Musser. Han møtte eg i Spring Grove, men han hadde også lite informasjon om norsk folkesong. Han kunne likevel fortelje at han var norskætta og hadde lært "Eg gjetta Tulla", "Pål sine høner" og "Kjerringa med staven" då han var liten. I byrjinga av juni 2013 var eg på den årlege skandinaviske musikkfestivalen "Nisswa-Stämman" i Nisswa, Minnesota. Paul Wilson er felespelar og -makar, han er respektert i det norskamerikanske folkemusikkmiljøet i Midtvesten og primus motor for denne festivalen. Her samlast svært mange av dei som driv med folkemusikk med røter i dei nordiske landa. Her leiger dei inn musikarar frå både Sverige, Noreg, Danmark og Finland både til konsertar og workshops. Det meste dreiar seg om instrumentalmusikk, fortrinnsvis fele, og ulike typar dans. Song er nedprioritert, sjølv om det faktisk var ei dansk jente som heldt songkurs der i år. Ut frå det eg har blitt fortalt, er det slik på dei fleste av desse skandinaviske/norskamerikanske festivalane i USA at song ikkje er særleg høgt prioritert.


I løpet av dei fyrste dagane i Minneapolis i mai trefte eg Arna Rennan som eg hadde avtalt å møte. Ho var i byen for å halde føredrag om norsk kulturarv. Ho driv mykje med norsk musikk og har mange kontaktar som driv med norskamerikansk musikk. På føredraget hennar kom eg i kontakt med fleire personar som eg gjorde intervju med, og eg vart også kjend med Kari Tauring (f.1966) som er ein profilert person i det norskamerikanske

musikkmiljøet i Midtvesten. Familien på morssida til Kari var norske, bestemora var fødd i USA av norske foreldre, medan bestefaren kom til USA då han var 12 år. Mor til Kari, Grace Tauring, hadde altså norske besteforeldre på begge sider og lærde litt norsk av dei då ho var lita, men med foreldra snakka ho engelsk. Eg møtte Grace i mai, ho fortalde meg at far hennar song "Ride, ride ranke" for henne og at ho lærde mange norske salmar i oppveksten. Grace heldt på tradisjonen med å be norsk bordbøn, og Kari lærde "Jeg er så glad hver julekveld" og "Ja vi elsker" som lita. *"My sisters, cousins and I grew up singing "Jeg er så glad" and "Ja vi elsker" and saying the Norwegian table prayer "I Jesu navn" and we all knew how to ask for butter in Norwegian, but that is about it."* (E-post frå Kari Tauring 28.04.2014) Kari har vore veldig interessert i den norske arven, spesielt den norrøne, så ho har lært seg mykje om røtene sine og om norrøn mytologi i vaksen alder. Ho driv som artist på heiltid, både med norske folkesongar, dans, eventyr og segner, og med songar knytt til norrøn mytologi, som ho då syng på gamalnorsk. Ho har utvikla sin eigen stil og eit eige konsept som slår godt an hjå det amerikanske publikumet, men som eg som norsk folkemusikar ikkje kjenner meg heilt heime i. Ho underviser også, mellom anna i "Nordic Roots Music". Eg kjende ikkje til Kari Tauring frå før, men ho skulle vise seg å bli ein av dei personane som fekk mykje å seia for det vidare arbeidet mitt. Ho sette meg i kontakt med folk mellom anna i Spring Grove, der eg etterkvart fann mykje interessant stoff.

Arna Rennan inviterte meg til å bu hjå henne nokre dagar og få eit innblikk i det norskamerikanske miljøet i Duluth og områda rundt. Eg vart med Arna på eit "Sons of Norway"-arrangement i Grand Rapids der ho skulle underhalde med norsk folkemusikk og song. Eg deltok også i programmet, me song mellom anna "Straumstøylvisa"; eg song på norsk og Arna på engelsk. Ho har oversett denne visa til engelsk og brukar ho ein del på konsertane sine. Eg møtte mange songlade folk på dette arrangementet, sidan mange av dei var ein del av koret til "Sons of Norway" losjen der oppe (Nordstjernen Lodge 563), og vart invitert heim til ekteparet Grimsbo som budde på ein aldersheim rett ved. Pat Grimsbo, 85 år gamal, hadde dirigert koret i 15 år og viste meg ein del av repertoaret deira. Det var mykje nasjonale songar og gamle radioslagerar, men ikkje noko av det eg vil kalle norsk folkesong. For meg song dei "Nideleven" og "Hils fra meg der hjemme". I tillegg til diverse notar og "Sons of Norway Songbook" hadde ho ei lita bok som heitte "Norsk-Amerikansk Sangbok", trykt i Brooklyn, New York. Dette var ei av tre små songbøker gjevne ut av "Nordisk Tidende" for å oppmode immigrantane om å ta vare på den norske songarven. Eg går grundigare inn i innhaldet i desse bøkene i eit eige kapittel, men dette føreordet tykkjer eg seier mykje: (sjå fig. 3)



Figur 3: Framsida



Figur 4: Føreordet

I Duluth besøkte Arna og eg fleire aldersheimar og eg gjorde opptak med mange av dei eldre. Ikkje mange hugsar særleg mykje av songar dei hadde høyrte som små, og veldig få av dei kunne synge meir enn ei strofe eller to. Men Arna hadde møtt ei dame på "Primrose" aldersheim som hadde sunge "Så sulla ho mor ved rokken sin" for henne ein gong. Me leita opp denne dama, Shirley Erickson, 87 år, og eg gjorde eit intervju med henne. Ho hadde oldemor frå Sogndal som flytta til Stoughton i Wisconsin saman med sonen sin. Seinare reiste mange i familien til Thief River Falls i Minnesota fordi der var det gratis land å få. Der dreiv dei som gardbrukarar og alle jentene, deriblant Shirleys mor, gifta seg med svenskar. Shirley hadde lært både norske og svenske songar då ho var liten, og "Så sulla ho mor ved rokken sin" hadde ho lært av bestemor si. Ho song denne for meg slik:

*Hei, så sulla ho mor ved rokken sin,*

*så fant ho ei lus i sokken sin.*

*De meir ho twill*

*de meir ho fant.*

*Så fant ho ei lus i sokken sin (Shirley Erickson 24.05.2013)*

Men sjølv om ho song mykje som ungjente og kunne nokre norske songar, hadde ho ikkje lært dei vidare til barn og barnebarn. Ho fortalte at då ho flytta på aldersheimen og huset hennar vart selt, selde dei også alle platene hennar. Det tykte ho var leit, for ho hadde

mange plater med skandinavisk musikk. Shirley Erickson er blant dei som er stolt av å vera av skandinavisk avstamming, men likevel ikkje har jobba bevisst for å ta vare på den norske eller svenske arven. På spørsmål om ho kjenner seg litt norsk eller svensk svara ho: *"No, I'm all American!" (Intervju med Shirley Erickson 24.05.2013)*

## Bildet finnes kun i den trykte utgaven



*Figur 5: Intervju med Shirley Erickson*


Arna Rennan representerer ei litt anna gruppe enn dei fleste av intervjuobjekta mine. Ho er fødd i USA i 1954 av norske foreldre som flytta til Duluth nord i Minnesota på byrjinga av 1950-talet. Arna driv mykje med norsk song og musikk på frilansbasis, og ho er aktiv i det norskamerikanske folkemusikkmiljøet. Dei fyrste norske songane lærde ho av mor si som lita, det var barnesongar som "Jeg har en tulle med øyne blå", "Ride, ride ranke", "Ro, ro til fiskeskjær" og liknande ting. Ho hugsar også voggesongar som t.d. "Sulla meg litt du mamma mi". Den hadde mor hennar lært av si mor. Då Arna var 5 år flytta dei tilbake til Noreg og budde på Steinkjer eit års tid. Der byrja mor hennar med leikarring og vart meir interessert i norsk folkemusikk og norske songar. Ho lærde seg å spela gitar og tok med seg songar av Alf Prøysen, Margrethe Munthe og Torbjørn Egner tilbake til USA, i tillegg til folkedans og folkeviseleik. Foreldra til Arna starta leikarring i Duluth då dei kom tilbake og her var Arna aktiv heile barndomen. Ho hadde lært norsk i løpet av det året ho budde på Steinkjer, men vart likevel sendt på norsk språkleir om somrane. Her var det undervisning i både norsk språk og norsk kultur. På desse språkleirane lærde ho mange typar songar, ikkje fortrinnsvis folkesongar. Foreldra hennar song ofte og mykje, seier

Arna, og far hennar var medlem av "Normanna Male Chorus" som reiste rundt og heldt konsertar. Då ho var 18 år reiste ho til Noreg for å studere kunst. Ho budde i Noreg i fleire år og fekk mange vener i folkemusikkmiljøet i Gudbrandsdalen. Av ulike årsaker vart det ikkje til at ho lærde seg så mykje folkesong medan ho var her, men då ho flytta tilbake til USA voks det fram eit sterkt sagn etter Noreg og folkemusikken. Ein gnist var tent, og ho fekk ein trong til å utvide songrepertoaret sitt. Ho byrja å leite opp folkemusikk og fekk kjøpt seg kassetar mellom anna av Kirsten Bråten Berg. Interessa for norsk folkemusikk førde henne seinare tilbake til Noreg der ho tok eit år ved folkemusikkstudiet på HiT avdeling Rauland. Der fekk ho lært mykje av den tradisjonelle norske folkemusikken, både viser, stev, balladar og slåttestev, ting som ho ikkje hadde lært som lita. For Arna er det viktig å ta vare på den norske arven, det var det også for foreldra hennar, men for dei var det ein naturleg ting, dei berre heldt fram med det dei hadde gjort før dei emigrerte. Arna arbeider meir bevisst med å formidle norsk folkemusikk på aldersheimar, festivalar og konsertar. Ho er også svært oppteken av å formidle den vidare til den oppveksande generasjonen, både til eigne ungar og ved å lage konsertar for barn. Ho har ei sterk tilknytning til Noreg og den norske kulturarven, men ho seier at ho i seinare tid har konsentrert seg om å vera meir amerikansk. Ho ynskjer også å formidle den norske folkemusikken til større grupper enn berre norskamerikanarar, derfor overset ho ein del norske songtekstar til engelsk. Ho opptrer både åleine og saman med gruppa si "Nordic Angst" som også har gjeve ut fleire CD-ar med norsk musikk. (Intervju med Arna Rennan 26.05.2013)

Til same kategori som Arna høyrer Annette Larson frå Duluth. Hennar foreldre kom også frå Noreg på byrjinga av 1950-talet og Annette er fødd i USA i 1954. Foreldra kom frå Larvik og Stavanger og var ikkje del av anten eit folkemusikkmiljø eller andre musikkmiljø. Mor hennar kunne ikkje synge, fortalde ho, men far hennar vart medlem i "Normanna Male Chorus". Annette lærde mange songar av mormor si då ho var lita, men også frå foreldra og vener av familien. I etterkrigstida var det svært mange nordmenn som busette seg i Normanna Township ved Lake Superior der ho vaks opp. Songar ho kjem i hug frå den tida er "Ride, ride ranke til møllarens hus", "Ride, ride ranke, hesten heiter Blanke", "Venter på far", "Pål sine høner", "Per Spelmann" og nokre jolesongar. Ho hugsar også nokre barneregler. Ho trur sjølv at ho syng desse songane heilt likt som det bestemora gjorde, men språket gjer at dei har endra seg noko. Ho snakkar ikkje flytande norsk, sjølv om ho kan ein del. Ho forstår det meste av songtekstane og syng uansett om ho ikkje forstår dei også. Som eldst i barneflokket var ho den av syskena som lærde mest norsk som lita. Etterkvart som foreldra hadde vore i USA ei stund vart språket meir og meir borte

og det vart lettare å snakke engelsk med ungene. Annette seier også at ho trur songane har endra seg etter at dei kom "over dammen" og blir tolka ulikt i USA og i Noreg fordi me ikkje har tilgang til kjeldene lenger. Ho prøvar å lære songane vidare til born og barnebarn, men ungene hennar syng ikkje norske songar sjølve. Ikkje barnebarna heller. Men ho tykkjer det er viktig å ta vare på det norske, både song, musikk, handarbeid og mattradisjonar. "*Jeg er stolt av arven min*", seier ho. (Intervju med Annette Larson 25.05.2013)

## Bildet finnes kun i den trykte utgaven



*Figur 6: Arna Rennan og Annette Larson*

På Norskedalen Heritage Center i Coon Valley, Wisconsin, hadde eg eit triveleg møte med 2/3 av Norskedalen Trio; Tilford ("Tip") Bagstad (f.1932) og kona hans Eleanor (f.1933). Han har vore mjølkebonde og treskjerar, ho er pensjonert lærar.

Tilford sine besteforeldre på morssida kom frå Heidal og fars foreldre kom frå i Øyer i Gudbrandsdalen. Morfar hans, Anton Rundhaugen, var god til å spela fele, fortalde Tilford, men sjølv fekk han aldri høyre bestefar sin spela. Anton Rundhaugen emigrerte på slutten av 1800-talet, men Tilford kunne ikkje hugse årstalet. Han hadde vore tilbake til Noreg i 1926 før han reiste til USA att for godt og slo seg ned i Skogdalen i nærleiken av Norskedalen i Wisconsin. Her budde det svært mange norske familiar, mange av dei frå

Gudbrandsdalen. Alle snakka norsk, og Tilford byrja ikkje å lære engelsk før han byrja på skulen. Men norske songar var det lite av. Dei einaste han kunne hugse at han hadde lært som liten var "Kjerringa med staven" og "Å kjøre vatn og kjøre ved". I familien på farssida var det ingen som dreiv med musikk, og Anton Rundhaugen song ikkje, han spela berre fele.

Eleanor Bagstad , fødd Iversen, kjem frå Sparta i Wisconsin. Besteforeldra hennar på morssida kom frå Biri. Leonora vaks opp i ein syskenflokk på 10 og snakka norsk då ho var lita. Foreldra hennar snakka berre norsk heime og viss ungane spurde om noko på engelsk nekta dei å svara. Likevel lærde ho ikkje norske songar, fortalde ho. Då dei var yngre gjekk ho og Tilford ofte på dans, og dei har ført både det norske språket og dansen vidare til ungane sine og seinare til barnebarna. Barnebarna er ikkje så flinke i norsk, men dei er gode til å danse polka, seier Tilford og Eleanor. (Intervju med Tilford og Eleanor Bagstad 01.06.2013)

Saman med Beatrice Olson starta dei i 1982 gruppa "Norskedalen Trio". Dei kallar musikken sin "Old-time Scandinavian music" og mesteparten av låtane dei har på repertoaret har dei lært frå "old-time fiddlers" frå Wisconsin, Minnesota og Iowa. Repertoaret består for det meste av vals, polka, schottisch, pluss nokre av dei kjende folkevisene. Tilford er vokalist og syng på norsk. Dei har reist mykje rundt i området og halde konsertar og spela til dans. Trioen gav ut kassetten "It's Time to Celebrate" i 1998, og på coverteksten på denne heiter det at dei prøvar å halde den tradisjonelle musikken levande og blømande.

Mange tilfeldige hendingar og møte med nye folk førde meg til Westby, Wisconsin, på turen min i oktober. Her vart eg introdusert til ein triveleg kar som heitte Myron ("Buddy") Rundhaugen (f. 1936). Han var tidlegare mjølkebonde og bussjåfør og dreiv med musikk på hobbybasis. Han hadde spela i band i mange år og reist rundt kvar einaste helg for å spela til dans. Gjennom intervjuet med han oppdaga eg at han faktisk var syskenbarnet til Tilford som eg hadde møtt i Norskedalen i juni. Myron fortalde at han også hadde vakse opp i Skogdalen og heile dalen var norsk, sa han. Han hugsar godt Anton Rundhaugen som altså var farfaren hans. Dei budde på kvar si side av vegen og besøkte kvarandre så godt som kvar dag. Han visste at Anton hadde emigrert i 1892 saman med bror sin, Mathias. Anton hadde vore tilbake til Noreg den eine gongen i 1926, men Mathias var aldri tilbake. Han fortalde at han hugsar den dagen det kom beskjed frå Noreg om at mor til Anton Rundhaugen var død. Då kom han på besøk til Myron og foreldra hans, men "han hadde ikkje mykje å seia den kvelden", sa Myron. Det fortel noko om kor stort eit skritt det var å




flytte til Amerika på den tid, og kor stort saknet var etter dei som vart att heime. Sjølv vart Myron gift med ei dame som også hadde norske aner. Familien hennar kom frå Kragerø. Dei busette seg på farmen i Westby der ho hadde vakse opp, og fekk ei dotter. For Myron har det vore viktig å ta vare på det norske språket og den norske kulturarven, han både syng og spelar norsk musikk i tillegg til å vikariere for presten når dei har norske gudstenester. Då er det Myron som talar i kyrkja. For han har det vore viktig å føre arven vidare, men han meinte at med tida kjem alt dette norske til å bli borte. Han lærde nokre få norske songar som liten, mellom anna "Per spelmann". På opptaket eg gjorde med han høyrer ein at han syng denne på dialekt, det tykte eg var interessant. I Noreg er det mest vanleg å syngje den på normert nynorsk, så at han syng på dialekt fortel meg at han har den i munnleg tradisjon etter foreldra sine, ikkje frå ei songbok. Myron hugsa ikkje så mange songar frå han var liten, det var til dømes ingen som song voggeviser for han, fortalde han. Han reiste til Noreg fyrste gong som 57-åring og sa at det var då interessa for norske songar for alvor vakna i han. Han byrja å lære seg norsk musikk frå kassettar, og på repertoaret har han både gamaldansmusikk, folkeviser og gamle og nye slagerar av ulike artistar og visesongarar. For meg song og spela han "Per spelmann", "Pål sine høner", "Nidelven", "Blåveispiken", "Lappland", "Laurdagsvals", "Barndomshjemmet" og "Love Letters in the Sand". Altså ei lett blanding. (Intervju med Myron Rundhaugen 12.10.2013)

I La Crosse i Wisconsin gjorde eg intervju og opptak med Frieda Nowland (f. 1933). Ho er 3/4 norsk og har røter i Vest-Telemark. Eine bestefar hennar var Torkjel Landsverk, fødd i Seljord i 1859 og emigrerte i 1883. Han lærde seg engelsk, men snakka berre norsk med familien, fortalde Frieda. Derfor måtte både barn og barnebarn lære å snakke norsk. Han døydde då ho var 12 år og ho har ikkje snakka så mykje norsk etter dette, men ho kan framleis ein god del. Bestefar hennar var kunstnar på fleire område, mellom anna skreiv han dikt og han var god til å syngje. Han dreiv også med treskjerjing og steinarbeid. Ho hugsar at han song mykje då ho var lita, men ho lærde også norske songar av både mor si og far sin. Torkjel Landsverk hadde lært dotter si, altså Friedas mor, songen "Eg veit ei lita jente" då ho var jentunge, og Frieda lærde den av mor si att. Då Frieda var 6 år song ho denne for bestefar sin og han sette så stor pris på at barnebarnet hans hadde lært ein av songane han hadde frå barndomen at han gav henne ein dollar. Dette var i 1939 og Frieda hadde aldri hatt ein heil dollar før, det var mykje pengar for ein 6-åring! Ho har lært denne songen vidare til ungane sine, men seier at bror hennar har vore flinkare enn ho sjølv til å bringe norske songar vidare til borna. I hans familie er det fleire som framleis syng mellom anna "Eg veit ei lita jente" når dei samlast til selskap. Då ho skulle syngje den for meg sa ho at ho ikkje var sikker på om me framleis brukte den same tonen i Noreg, og det viste seg at

tonen ho har etter bestefar sin frå Seljord er ein heilt annan tone enn den me vanlegvis brukar her i landet no. "...*Heaven only knows how much that tune may have changed over the years*", seier ho. ( Intervju med Frieda Nowland 1. juni 2013)

Opptak med Frieda ligg vedlagt på CD 2. Her syng ho også "Gubben Noah" og fortel korleis ho lærde den.

Bildet finnes kun i den trykte utgaven



*Figur 7: Frieda Nowland med eit skrin laga av Torkjel Landsverk*


## 5.2 Det levande songrepertoaret

I løpet av desse to turane til USA har eg hatt samtaler med eller gjort intervju med omlag 50 personar av begge kjønn i alderen 55- 92 år. Eg har også hatt samtaler med ein del yngre folk om spørsmåla mine rundt den norske songarven.

Nokre av intervjuobjekta mine fann eg på aldersheimar, andre var husmødrer i 50-80 årsalderen og nokre var eldre menn som var medlemmer av Amerika sitt eldste norske mannskor, «The Luren Singing Society». Ein del av intervjuobjekta var medlemmer av «Sons of Norway», andre var pensjonistar som dreiv med norsk musikk på hobbybasis. Dei var tidlegare bønder, bussjåførar, handverkarar, sjukepleiarar og lærarar. Mange av dei meir uformelle samtalene hadde eg med "mannen i gata" eller med folk som jobba i butikkar og restaurantar. Eg intervjuar også yngre folk som jobba med musikkundervisning på grunnskulenivå og nokre som var, eller hadde vore, professorar på ulike universitet. Dei fleste hadde norske besteforeldre eller oldeforeldre.


Intervjuobjekta mine fann eg i både rurale og urbane strom i ulike område i dei tre statane Minnesota, Iowa og Wisconsin. I Minnesota snakka eg med folk i Minneapolis, Duluth, Grand Rapids, St. Cloud, St. Croix Valley, Afton, Nisswa, Caledonia og Spring Grove. I Wisconsin hadde eg samtaler med folk i Webster, Madison, Stoughton, La Crosse, Coon Valley, Westby og Mt. Horeb, og i Iowa trefte eg folk i Decorah og Waukon. Nokre av desse personane vitja konsertar eller andre arrangement på desse stadane, så dei var busette andre stader i distriktet. Eg meiner derfor at det er ei nokså god breidde i den gruppa eg har hatt samtaler og intervju med, både i høve alder, yrke, sosial tilknytning og geografi.

Bildet finnes kun i den trykte utgaven



*Figur 8: Kart over reiseruta 18.mai- 8. juni 2013*

Bildet finnes kun i den trykte utgaven



*Figur 9: Kart over reiseruta 4.-14. oktober 2013*

I aldersgruppa 80-90 år var det mange som sa at dei hugsa at mor, bestemor eller andre i familien hadde sunge for dei når dei var små. Men nesten ingen av dei hugsa att noko særleg av dette. Dei kunne synge ei strofe eller to, eller så hugsa dei berre at "it was something about a horse" og liknande. ("Ride, ride ranke") Mange av desse hadde besteforeldre som hadde emigrert i 1870-80 åra og som snakka norsk heime. Derfor hadde både foreldra deira og dei sjølve også snakka norsk. Men då dei byrja på skulen måtte dei lære engelsk, og sjølv om det mange stader var vanleg med konfirmasjonsundervisning på

norsk heilt fram til 1946-47, fekk dei ikkje synge norske songar på skulen. Dei ungane som hadde hatt mest kontakt med besteforeldra sine i oppveksten kunne mest norsk og hugsa mest av norske barnesongar, rim, regler og bordbøner. Ein kar som var fødd rundt 1940 i Rushford i Minnesota fortalde meg at sidan veslebror hans var svært sjuk som liten, vart han sjølv plassert hjå bestemor si dei fyrste 8 åra han levde. Der snakka dei berre norsk. Bestemora var fødd i USA av norske foreldre og ho song norske songar for han då han var liten, men den einaste han kunne hugse var "Jeg er så glad hver julekveld". Dette viste seg å vera den mest kjende norske jolesongen blant dei eg snakka med. Mange kan denne og syng den framleis kvar jol. Den vart skriven og utgjeven fyrste gong i 1859, og sidan forfedrane og -mødrene til mange av intervjuobjekta mine utvandra i siste halvdel av 1800-talet, går eg ut frå at denne songen var ein "hit" på den tida dei reiste og at dei derfor tok den med seg. Repertoaret blant dei eldre eg snakka med viste seg å vera nokså likt. Det var lite å finne av det eg vil kalle tradisjonelle folketonar, men mange kunne dei kjende folkevisene "Kjerringa med staven", "Pål sine høner", "Å kjøre vatn og kjøre ved", "Per Spelmann" og liknande. Nokre hugsa desse frå dei var små, men mange hadde lært seg dei seinare, til dømes gjennom Sons of Norway. Ein song som gjekk att blant fleire var "Sulla, lulla Langskanken". Den fann eg fleire ulike variantar av både i Minneapolis og i Spring Grove.

*"Sulla, lulla Langskanken, lange bein har du. Så går vi bort i skogen og fyller deg full. Lalalala..."*, var det ein kar frå St.Paul som song for meg, medan ei 72 år gamal dame i Spring Grove song slik:

*"Sulli, lulli Langskanke, Langskanke, Langskanke. Sulli, lulli Langskanke, sei u la dei."* Denne stubben finst i mange ulike variantar i heile Noreg og ein finn også variasjonar av den i Sverige. Den eldste svenske trykte utgåva er frå 1886.

(<http://katalog.visarkiv.se/lib/views/visolat/ShowRecord.aspx?id=1253064>)

Av andre barnesongar eller voggeviser fann eg minst 7 personar som kunne "Ride, ride ranke" på ulike vis og i Duluth fann eg 87 gamle Shirley Erickson som song "Så sulla ho mor ved røkken sin".

Det var likevel mange norskamerikanske heimar der dei ikkje snakka så mykje norsk. Foreldre og besteforeldre brukte gjerne norsk seg i mellom når dei snakka om ting ungane ikkje skulle forstå, men dei tykte det var viktig å lære engelsk så fort som råd og bli integrert i det amerikanske samfunnet. Lee Grippen (f.1943) frå Caledonia i Minnesota sa i intervjuet eg gjorde med han at norskkunnskapane og interessa for kulturen og songen har

hoppa over ein generasjon i mange familiar. Foreldregenerasjonen hans snakka ikkje så mykje norsk, sa han, og i Iowa vart det faktisk etter krigen eit forbod mot å snakke noko anna enn engelsk. Det tek hundre år etter at folk kjem til eit nytt kontinent før interessa for deira eigen kultur tek seg oppatt, hevda Lee i intervjuet. (Intervju med Lee Grippen 31.05. 2013) Nordmenn som emigrerte utpå 1900-talet, spesielt dei som reiste på byrjinga av 50-talet, var ikkje så opptekne av å lære ungane sine norsk. Dette førde også til at dei ikkje song norske songar i heimen, men nokre av desse ungane og også neste generasjon har vore på norsk språkleir i sommarferiane og der har dei lært nokre songar også. Concordia Language Villages arrangerer norske språkleirar fleire stader i USA og i 1999 gav dei ut ein CD, "Skogfjorden Sanger", med 29 norske songar til bruk på språkleirane. Innhaldet på CDen er nokre barnesongar av nyare dato, fem ulike bordvers, eit par songleikar og nokre songar som er ukjende for meg. Av dei gamle folkevisene finn ein berre "Kjerringa med staven". På Norwegian Ridge Language Camp i Spring Grove lærer dei forskjellige barnesongar, lærarane har ikkje nokon spesiell tanke bak det dei plukkar ut. "Bæ, bæ, lille lam" er ein favoritt, mykje fordi den er enkel å lære. Ein av lærarane er Kari Tauring, ho lærer bort "Kjerringa med staven" og "Kom skal vi klippe sauene" pluss nokre songar av Margrethe Munthe. Kari brukar helst songar som ho kan knyte rørsler til, det gjer teksten lettare å lære og forstå for ungane.

## 5.3 Skriftleg materiale

For å finne skriftleg materiale gjekk eg grundig gjennom ulike bibliotek og arkiv ved mange institusjonar i dei tre statane eg konsentrerte arbeidet mitt om. Ei liste over bøker og songar eg fann er lagt som vedlegg til oppgåva. (sjå vedlegg 1) Eg kopierte eller fotograferte tekstar og notar til dei songane eg fann interessante for mitt prosjekt, så det er ikkje alle som er nemnde i oversikten eg har laga. I Mindekirken i Minneapolis undersøkte eg ei samling bøker gjevne til kyrkja av norske immigrantar, og eg leita også gjennom korarkivet deira etter norske songbøker. Eg fann ikkje så mykje av interesse her, berre to bøker som begge var gjevne ut i Noreg. I ei av bøkene fann eg mellom anna "Draumkvedet". På biblioteket i Stoughton fann eg berre ei bok; Sophus Bugges "Gamle norske folkeviser". Det tykte eg nesten var litt rart, sidan Stoughton er ein av dei mest "norske" byane i Wisconsin. Ved førre århundreskifte var 95% av folka her norske, vart eg fortalt. Ei dame på 77 år fortalde meg at "the whole street spoke Norwegian" då ho vaks opp. På arkivet på University of Wisconsin i Madison fekk eg hjelp av professor James P. (Jim) Leary. Han hadde funne fram det han meinte var interessant for meg, det var Helene Stratman-Thomas si samling av norske songar. Det vart ikkje tid til å undersøke

musikkbiblioteket ved dette universitetet, men eg går ut frå at dei har ei samling av norske musikk-og songbøker sidan dei tilbyr både norskstudiar og musikkstudiar. Eksempelvis driv Anna Rue, som eg har nemnt tidlegare, med ein doktorgrad (PhD) om norskamerikansk musikk og song. Ved Vesterheim museum i Decorah i Iowa fekk eg tilgang til arkivmaterialet deira, dei hadde to songbøker; "Luren- En Samling af Norske, svenske og Amerikanske sange" og "National og Selskabssange med Musik". Eg går grundigare inn på "Luren"-songboka i eit eige kapittel. På biblioteket ved Luther College i Decorah fann eg "The Norway Music album", utgjeven av Oliver Ditson Company i 1881. Denne inneheldt mange folketonar både med norsk og engelsk tekst. Eg har registrert 34. Hadde eg hatt ei avtale før eg kom dit, kan det nok hende eg kunne funne meir, for dei har sikkert også eit arkiv ein ikkje får tilgang til som vanleg besøkjande. Det meste av skriftleg materiale fann eg likevel ved St. Olaf College i Northfield i Minnesota. Her var eg innom både musikkbiblioteket og NAHA (Norwegian-American Historical Association) sitt arkiv. Arkivaren hadde funne fram svært mykje stoff og det vart dessverre litt for knapp tid til å få registrert alt. På oversikten min har eg registrert 26 bøker og fleire lause ark, til saman 46 songar pluss innhaldslistar frå fleire av songbøkene. Ikkje alt dette er folkesongar, men det meste er songar eg har funne interessante i eit dokumentasjonsprosjekt som dette. Ei av bøkene var "Sangbog for Sønner af Norge" frå 1926, den går eg også nærare inn på i eit eige kapittel.

Ulike typar av skriftleg materiale fann eg også på antikk- og bruktbutikkar og heime hjå privatfolk. På ei antikkforretning i St. Cloud i Minnesota fann eg M. B. Landstads "Salmebog for Lutherske Kristne i Amerika", utgjeven i Minneapolis i 1895. Namnet til eigaren stod inni: Miss Randi Johnson frå DeForest i Wisconsin, fødd 2. august 1861. Ei dame eg vart kjend med i Westby i Wisconsin på turen eg hadde i oktober hadde same utgåva av denne salmeboka, pluss boka "Berthe Aarflots Samlede Skrifter". Denne kom ut i fleire opplag, den fyrste utgåva ser ut til å vore trykt i Bergen i 1874. Boka inneheld både skrifter og salmar skrivne av haugianaren Berthe Kanutte Aarflot som var fødd i Ørsta i 1795. Songane her kjem ikkje inn under det eg eigentleg leita etter i prosjektet mitt, men for meg var det likevel ein skatt å få med seg heim att. For eg var faktisk så heldig at eg fekk ho i gåve. Ein av informantane mine i Spring Grove, Emma Landsom, var også så snill at ho gav meg dei gamle norske songbøkene sine. Det var tre utgåver av "Sons of Norway Songbook", den eine frå 1926 og dei to andre frå 1948, 1. og 3. bind av "Frydetoner", utgjeven av K.C.Holter Publishing Co. i Minneapolis i 1890-93 og "Den Sjungende Mand - Udvalg af Folkeviser og Sange til Nytt og Fornøielse", gjeven ut av John Anderson Pub. Co. i Chicago. Omslaget er dessverre borte, så utgjevingsåret er

vanskeleg å slå fast. Frode Nyvold har ei utgåve frå 1907, men sidan mi både inneheld litt færre songar og er i eit anna format er den sannsynlegvis ikkje frå same år, ho kan vera eldre. I ei liste over skandinaviske bokutgjevingar i perioden 1840-1920, laga av Ann K. D. Myers ved University of Wisconsin i Madison i 2005, ser det ut til at fyrste utgåva kom i 1904. "Frydetoner" er ei samling av religiøse songar og salmar, medan "Den Sjungende Mand" inneheld historiske songar, krigs- og fedrelandssongar, sjømannssongar, kjærleikssongar, religiøse klagesongar og songar med ulikt innhald. Blant desse er til dømes visa om Dyre Vaa; "Den gjæveste Bonde i Vinje Gjeld".

Av anna skriftleg materiale eg har funne bør nemnast "Mike and Else's Norwegian Songbook" som dei sel på den legendariske skandinaviske butikken "Ingebretsen's" i Minneapolis og på mange andre butikkar i Midtvesten som sel norske eller skandinaviske varer. Boka inneheld 96 songar av ulike typar og det er gjeve ut to CD-ar som høyrer til. Denne ser eg litt nøyare på i kapittel 5.3.3. På "Giants of the Earth Heritage Center" i Spring Grove har dei også gjeve ut eit lite hefte med norske songar. Den kom ut i 2011, heiter "Norsk Sangbok" og inneheld dei vanlegaste songane frå skulesongbøkene me kjenner frå Noreg, slike som "Mellom bakkar og berg", "Per Spelmann", "Pål sine høner" og "Anne Knutsdotter", i tillegg til "Ja vi elsker" og nokre songar av Margrethe Munthe og Alf Prøysen. Eg vil sjå litt nærare på nokre songbøker som eg meiner kan ha hatt noko å seie for kva repertoar som er i bruk blant dei norskætta i Midtvesten i våre dagar.

### 5.3.1 Sangbog for Sønner af Norge/Sons of Norway Songbook

Læraren og songaren Carsten Woll (1885-1962) frå Oslo emigrerte til Midtvesten i USA i 1913. Han underviste i musikk ved ulike institusjonar, mellom anna ved St. Olaf College i Northfield. I tillegg song han inn ei mengd norske folkemelodiar på plate.

([http://en.wikipedia.org/wiki/Carsten\\_Woll](http://en.wikipedia.org/wiki/Carsten_Woll))

I 1926 utarbeidde han ei songbok for "Sønner af Norge", den vart gjeven ut på deira eige forlag. Den fyrste boka var ei musikkutgåve og i 1927 gav han ut ei tekstutgåve. I føreordet til denne skriv han:

*"Det er mit haab at den her foreliggende tekstbok med lethed skal kunne bruges sammen og samtidig med den i fjor utgivne musikkutgave. (.....) Musikutgaven har allerede faat en pen og velvillig omtale og anmeldelse i pressen, og privat har ogsaa flere været saa venlig at*



*uttrykke sin anerkjendelse, hvorfor takkes. Carsten Woll.*"(Sangbog for Sønner af Norge, 1927)

Boka inneheld omlag 150 songar av ulike slag, dei fleste er norske, men her er også nokre amerikanske og enkelte danske og svenske. Ho er inndelt i fleire hovud- og underkapittel, det eine er kalla folkeviser. Av desse er 24 norske. Alle norske songar i denne boka har norsk tekst, både på riksmål, nynorsk og dialekt. Seinare har boka kome ut i fleire utgåver og i utgåva frå 1948, med Carl G. O. Hansen som redaktør, kom ho ut med doble tekstar på dei skandinaviske songane, altså både engelske og norske, danske eller svenske. På denne tida byrja nok det norske språket alt å bli mindre utbreidd blant medlemene av "Sons of Norway", så det vart nødvendig med engelske oversetjingar på songane. I føreordet står det:

*"Sønner af Norge Sangbog" is now out of print, and in response to a wide demand for such a book and a general desire to have the songs provided with English texts, in addition to the original texts, Sons of Norway has had the present volume compiled" (SoN Songbook, 1948)*

Songane, folkesongar som andre, vart arrangert for å lettare kunne syngast i kor eller som allsong, både for manns- og kvinnestemmer. Carl G. O. Hansen skriv i slutten av føreordet:

*"The many mixed chorus arrangements (always indicated by the initials S. A. T. B., soprano, alto, tenor, bass) should prove an incentive to groups of men and women cultivating chorus singing. Some lodges of Sons of Norway have already made a fine start in this respect. Interests in ballads which the immigrants have brought to this country has in late years been growing; hence there should be a place in American song literature for a volume which, as this one, contains a large selection of Norwegian songs arranged in an easily singable form and provided with English as well as the original Norwegian texts."(SoN Songbook, 1948)*

Sidan Sons of Norway hadde, og framleis har, avdelingar, såkalla losjar, rundt om i store delar av USA, er det heilt innlysende at songrepertoaret blant medlemene i mange norskamerikanske miljø har blitt sterkt influert av denne songboka. Boka sette standarden for kva som skulle syngast på losjemøte og i dei mange songkora dei hadde rundt om i landet. Blant Sons of Norway-medlemer eg møtte på reisene mine var repertoaret nokså likt, det gjekk på "Pål sine høner", "Kjerringa med staven", "Aftensolen smiler", nasjonale, patriotiske songar og sentimentale songar som "Kan du glemme gamle Norge", "Hils fra meg der hjemme" og liknande. Alle desse står i Sons of Norway Songbook. I boka er "Pål

på haugen" og "Kjerringa med staven" og mange andre folketonar arrangert for 4 stemmer (S.A.T.B.), altså tilpassa kor. Då eg snakka med Emma Landsom og syster hennar Geneva Tweeten om nokre av desse songane, kalla dei dei "Sons of Norway-songar". Med dette meinte dei at desse hadde dei lært gjennom SoN, ikkje i heimen.

### 5.3.2 Luren Singing Society/ Luren Songbook

Ei anna bok eg meiner har hatt noko å seia for repertoaret i eitt av områda eg har drive innsamling i, er Luren Songbook. "The Luren Singing Society" er eit mannskor med base i Decorah i Iowa, og som faktisk er det eldste norske mannskoret som framleis eksisterer i USA. Det starta i 1868 med fire unge menn med heimlengt til Noreg. Dei danna ein kvartett der føremålet med songen var å ta vare på songarven frå moderlandet. Etter nokre år vart kvartetten utvida med fleire medlemmer og dei stifta koret "Luren sangforening" som no heiter "The Luren Singing Society" og har omlag 70 medlemmer. Mange av desse har eg møtt på dei to reisene mine, og fleire av dei har eg også gjort intervju og opptak med. I 1874 gav B. Anundsens Boktrykkeri i Iowa ut songboka "Luren - En samling af Norske, Svenske, Danske og Amerikanske Sange" og ei av desse fyrste utgåvene fekk eg sjå i arkivet på Vesterheim museum. Boka inneheld 230 songar, 58 av dei er patriotiske, nasjonale, norske songar, under kapitlet "Homeland songs". I tillegg finn ein songar om naturen og folkelivet, songar av blanda innhald og nokre få religiøse songar. Nesten alle songane er skrivne av kjende diktarar, eg fann berre to tradisjonelle folkeviser i Luren Songbook: "I fjor gjett' eg geiten" og "Den bakvende visa". Det er ikkje noko føreord i denne boka, så det er vanskeleg å vita kva som låg bak utvalet av songar, men det er grunn til å tru at dei valde songar som dei meinte kunne heidre minnet om Noreg på beste måte og ta vare på viktige delar av den norske kulturarven for framtida. Eit av medlema i Luren Singing Society, Don Berg, har gjort ein del undersøkingar rundt Luren Songbook og han skriv i eit notat:

*"The songs of the immigrants were often nationalistic and patriotic. Even if living conditions had been harsh in the home country, there was a love of the land, a loyalty to the nation and its ruler. Along with these themes was love of the homeland, especially one's home district, its beauty, its terrain and special features, the trees and the forests, the flowers, the lakes and rivers, the mountains and waterfalls. The virtues of the people, their courage, vigilance and love of freedom were extolled. These were set to strong melodies." (Notat frå Berg, s. 2)*

Kven som gjorde utvalet av songar til boka og intensjonane bak utvalet har heller ikkje Don Berg noko sikkert svar på, han skriv vidare:

*"There is no preface or foreword, so we have no other clue as to who helped put it together, nor their intent and goal." (Notat frå Berg: s. 6)*

Han skriv likevel at han meiner det kan vera boktrykkar B. Anundsen, redaktør av Decoraposten, Bernt Askevold, og den fyrste dirigenten i mannskorset Luren, Emil Berg, som sannsynlegvis plukka ut songane til Luren Songbook. Det overraska meg litt at dei ikkje hadde med dei gamle folkevisene som til dømes "Per Spelmann", men med tanke på at boka kom ut rett etter den amerikanske borgarkrigen har det nok vore viktig å få fram flest mogeleg dei patriotiske songane, både dei amerikanske og dei skandinaviske. Det siste kapitlet inneheld faktisk 23 patriotiske amerikanske songar. Elles er det songar både på nynorsk og riksmål i boka, men det er verdt å merke seg at det ikkje er ein einaste kvinneleg diktar representert. Dette var altså songar skrivne av menn, sannsynlegvis valt ut av menn til ei songbok for eit mannskor. Eg tykkjer det fortel noko om kjønnsrollemønsteret i samfunnet på den tida, og det underbyggjer teorien min om at kvinnene song mest heime, medan karane kom ut med songen sin. Koret "The Luren Singing Society" har i dag medlemer frå både Iowa, Minnesota og Wisconsin, dei har halde konsertar rundt om på festivalar og songarstemne i USA, og dei har også vore på fleire turnear i Noreg. Repertoaret deira hentar dei ikkje lenger berre frå si eiga songbok, sjølv om dei nok gjorde det i den fyrste tida. Dei syng ikkje berre norske songar, men er likevel opptekne av å ta vare på både dei gamle norske songane så vel som å oppdatere seg på nytt stoff. Dei hadde mellom anna Rolf Løvland på repertoaret på konserten eg hørde med dei. Samstundes held dei fast på tradisjonen dei har hatt i mange år med å avslutte kvar øving og kvar konsert med "Aftensolen smiler". Eg lærde dei den nynorske teksten, "Fager kveldsol smiler", og håpar dei tek den også i bruk. Sidan desse karane er frå ulike statar, er i ulik alder og er både fedrar og bestefedrar, har dei eit nokså stort nedslagsfelt når det gjeld å spreie songane sine. Mange av medlemene har også tilknytning til Luther College, anten som lærarar eller med frivillig arbeid, så dei kan også ha bidrege med å spreie Luren Songbook sine songar der. Eg meiner derfor å kunne hevde at Luren Songbook og "The Luren Singing Society" har hatt ein del å seia for kva folk kan av norske songar i området der Iowa, Wisconsin og Minnesota møtest.

### 5.3.3 Nordisk Tidendes Norsk-Amerikansk Sangbok

Den norskspråklege avisa i Brooklyn i New York, Nordisk Tidende, gav fyrst ut ei lita bok med norske jolesongar. Dette vart ein suksess og derfor gav dei nokre år seinare ut to bøker til: "Norsk-Amerikansk Sangbok" og "Religiøse Sange". I føreordet til "Norsk-Amerikansk Sangbok" (sjå fig. 4 s. 25) kan ein lesa at den er ei heil lita skattekasse av norske songar, og på neste side står det:

*"Vi er forvisset om at disse smaa sangbøger har hjulpet mægtig til at bevare og fremhjælpe den gode, gamle skik - fellessangen - ved norske sammenkomster og fester. I foreninger, loger, ungdomslag, kirker og hjem har Nordisk tidendes sangbøger hjulpet til at skabe den stemning som bare sangen formaar at frembringe. Og ikke mindst for den enkelte - paa hybelen - paa skibet - i lommen eller haandkufferten hos den farende svend - kan en sangbok være som en god ven at ty til i ledige stunder; for i disse skjønssomme udvalg av sange finder vi det vore største diktere har følt og tenkt, likesom de enkle folkesange ofte gjenspeiler en hel nations længsler og drømme. Uden tvil har ogsaa Nordisk Tidendes tre norskamerikanske sangbøger, hver paa sit felt, gjort sin gerning for norskdommens bevarelse blant utvandrerfolket - og heri ligger kanske deres største opgave."(Nordisk Tidendes Sangbok s. 2)*

Årstala då desse tre små bøkene vart gjevne ut har eg ikkje funne, men eg veit at det vart gjeven ut ei større utgåve med både songar og dikt i 1941. Denne har eg fått tak i her i Noreg. Eg veit også at Nordisk Tidende vart etablert i 1881, så songbøkene er trykt seinare enn det. Utan å kunne dokumentere det, vil eg tru at desse små bøkene som vart spreidde blant titusenvis av norske immigrantar fekk ein del å seia for songrepertoaret deira utover på 1900-talet. Utgåva frå 1941, ber preg av å vera trykt under 2. verdskrigen både når det gjeld utval av songar og ut frå det som er skrive i føreordet:

*"I en merkelig tid i historien trykker vi denne sangbok for å imøtekomme behovet for en slik samling norske sanger og dikt. (.....)*

*I utvalget har vi ikke bare begrenset oss til sanger, men også medtatt endel dikt, også slike som er blitt til under krigen. Mange av disse dikt vil nemlig bli fremtidens sanger. (.....) Med denne korte forklaring lar vi sangboken fly ut i verden til de tusener av nordmenn og utvandrede nordmenn - på sjø og på land - som i den dyrebare skatt av norske sanger og dikt kan finne det som hjertet lengter efter og som kan gi oss kunstens forløsende uttrykk for det vi alle føler." ( Nordisk Tidende Sangbok, 1941)*

Dette er altså ei bok som ikkje berre er tiltenkt norske immigrantar i USA, men nordmenn over heile verda. Med krigen som bakteppe har dei laga ei svært patriotisk bok som startar med den amerikanske og den norske nasjonalsongen på fyrste sida. Ho inneheld 333 songar og dikt, dei fleste er skrivne av kjende norske diktarar, mellom andre Aasmund O. Vinje, Bjørnstjerne Bjørnson, Ivar Aasen, Arne Paasche Aasen, Anders Hovden, Henrik Ibsen. Arne Garborg og Per Sivle. Men her er også 32 norske folkesongar og omlag 50 amerikanske songar. Ingen av dei norske songane har engelsk tekst i denne boka.

### 5.3.4 Mike and Else's Norwegian Songbook

Mike og Else Sevig gav ut denne boka fyrste gong i 1985. Den inneheld 96 norske songar av ulike slag; barnesongar, folkeviser, jolesongar, salmar, emigrantviser og andre typar songar. Songane er arrangert for piano og har gitarakkordar. Dei har norske tekstar med tilhøyrande engelske oversetjingar. Boka er illustrert av Else Sevig, og det er spela inn to CDar som fylgjer med: "Norwegian Folksongs Volume 1" med 21 songar og "Norwegian Folksongs Volume 2" med 25 songar. Den er å få kjøpt i mange skandinaviske butikkar i USA, så vel som på internett. Tilsette i den skandinaviske butikken "Ingebretsen's" i Minneapolis seier at mange av den noverande generasjonen av folkemusikarar og andre musikarar i Twin Cities (Minneapolis og St. Paul) har blitt oppflaska på "Mike and Else's Norwegian Songbook". Dei har også fortalt meg at "Ingebretsen's" selde 23 eksemplar av denne boka i løpet av fjoråret (2013), og at kundegruppa stort sett var besteforeldre og nybakte foreldre. Det kan vera eit godt teikn på at besteforeldre- og foreldregenerasjonen ynskjer å bringe songane vidare til den oppveksande slekt. (Samtaler med personalet på Ingebretsen's 21.05.2013 + Facebookmelding 05.04.2014)

## 5.4 Nokre utvalde songar

På leit etter songar har mange av dei dukka opp gong etter gong på ulike stader, medan mykje anna songstoff ser ut til å ha blitt heilt borte. Dei mest populære songane er dei som er å finne i songbøkene eller på CD-innspelningar, det er nok også dei som er lettast å bringe vidare, spesielt etter kvart som det norske språket byrjar å forsvinne blant norskamerikanarane. Berre nokre få av dei eg har møtt fortel at dei driv munnleg tradering, og mange hevdar at neste generasjon ikkje kjem til å gjera det fordi dei ikkje skjønner språket. Då vil det bli lettare å lesa teksten frå ei bok og eventuelt høyre den på CD eller på internett. For å prøve å illustrere endringane dei norske songane har gjennomgått etter at dei drog over Atlanteren for lenge sidan, har eg valt ut nokre av dei eg har funne i gamle

songbøker. Desse har både norske og engelske tekstar, nokre er det også fleire variantar av. Eg har teke med dei variasjonane eg har funne. Melodiane er stort sett dei same som me brukar i Noreg. Av stevtonar har eg funne tre ulike, alle er kjende og finst i songbøker i Noreg, men dei er ikkje så mykje i bruk blant norske kvedarar.

### 5.4.1 Pål sine høner

#### **Pål på Haugen/ Paul on the Hillside**

(SoN Songbook, s.112. Engelsk tekst: Frederick Wick)

Pål sine høno på haugen ut sleppte, hønunn så lett over haugen sprang.

Pål kunne væl på hønom fornemme, ræven var ute mæ rumpa så lang.

"Klukk, klukk, klukk," sa høna på haugom

"klukk, klukk, klukk," sa høna på haugom,

Pål han sprang og vrengde med augom:

"Nå tør eg inkje koma heim åt a mor!"

Paul let his chickens run out on the hillside, over the hill they went tripping along.

Paul understood by the way they were acting, feeling a warning that something was wrong.

"Cluck, cluck, cluck," the chickens were cackling,

"cluck, cluck, cluck," the chickens were cackling.

Paul was aware of the task he was tackling:

"Now I'm afraid to go home to my Ma!"

#### **Paul on the Hillside** (The Norway Music Album s. 28. Engelsk tekst: Rasmus B. Anderson)

Paul let his chickens run out on the hillside, they o'er the hill went tripping along.

Paul understood by the way they were acting, Reynard was out with his red tail so long.

"Cluck, cluck, cluck," the chickens were sighing,

"cluck, cluck, cluck," the chickens were sighing.

Paul was making wry faces and crying:

"Now I'm afraid to go home to mamma!"

**Paul on the Hillside** (Growing up With Music: Songs of Norway and Denmark, s. 24.  
Engelsk tekst: R.O.)

Paul was a-watching his hen on the hillside, all of a sudden the hen ran away.

Reynard, the fox, was awaiting and watching, ready to pounce and carry the hen away.

"Kluk, kluk, kluk," said the hen on the hillside,

"kluk, kluk, kluk," said the hen, "let me roam."

But Paul ran after and called to the chicken:

"Here, you chicken, you'd better come home!"

**Paul on the Hillside** (Voices of the World, s. 45. Engelsk tekst: V.W: forfattarane)

Paul came one day with his hen to the hillside, while Paul was playing, she wandered away

Sly Mister Fox lay in hiding awaiting, watching for a meal on this nice summer's day.

"Cluck, cluck, cluck," said the hen as she wandered,

"Cluck, cluck, cluck, oh what fun it is to roam!"

But Paul, much excited, ran after his chicken:

"Come, silly chicken, we'd better go home!"

I tillegg til desse variantane av "Pål sine høner", har eg også funne ein norsk versjon i boka "National- og Selskabssange med Musik" frå 1903, samla av Knud Henderson, nesten identisk med teksten i "Sons of Norway Songbook." Knud Henderson si bok har alle 5 versa, men inga engelsk oversetjing. I dei andre bøkene er det berre 1-3 vers. Eg har valt å ta med berre fyrste verset, sidan det vart såpass mange ulike utgåver av songen. "Voices of the World" og "Growing up With Music" er songbøker laga for barn, og i desse er teksten forma meir som ei forteljning, nokså mykje lausriven frå den originale norske teksten, medan "Sons of Norway Songbook" har både norsk og engelsk tekst og den engelske ligg nær opp til den norske originalen. I Noreg heiter denne songen i dag "Pål sine høner", men nesten alle eg snakka med i USA kalla han for "Pål på Haugen", det var også tittelen på han i alle bøker. Soga seier at Pål var frå garden Haugen i Sel i Gudbrandsdalen, og songen har tidlegare vore kalla "Pål på Haugen" i Noreg også. Derfor er det naturleg å tenkje seg at dette var originaltittelen og at det er me i Noreg som har endra den, medan dei har halde på originaltittelen i USA. Mange av dei personane eg møtte kunne denne songen, og alle song den på norsk. Om nokon faktisk kunne den på engelsk, veit eg ikkje, det var ingen som snakka om det, eg trur me alle tenkte at norske songar skulle syngjast på norsk. Dei fleste kunne berre det fyrste verset. På dei vedlagde CD-ane finst opptak med nokre av informantane mine og opptak der eg syng dei ulike variantane eg har funne av "Pål på Haugen".

#### 5.4.2 Kjerringa med staven

Svært mange norskamerikanarar kjenner denne songen, og den var å finne i mange bøker i fleire ulike variantar. Både "Pål sine høner" og "Kjerringa med staven" har tekstar med innhald som gjev rom for ulike tolkingar, men eg vil ikkje gå inn på tolking av innhald her, eg ser berre på likskapar og ulikskapar i ordvalet på dei forskjellige oversetjingane. Dette er dei variantane eg har funne:

##### **Kjærringa med staven/ Here Comes on Crutches Sally**

(The Norway Music Album s. 45. Engelsk tekst: Rasmus B. Anderson)

Kjærringa med staven, høgt oppi Hakkedalen,

otte potter rømme, fire marker smør,

saa kjinna Kari, Ola hadde før,

kjærringa med staven.



Here comes on crutches Sally, far up in Hakke valley,  
half a pound of butter to the quart of cream,  
so churn'd the wife that Ole had, I ween,  
here comes on crutches Sally.

### **The Old Woman with a Cane/ Kjaerringa med Staven**

(Growing up with Music: Songs of Norway and Denmark, s. 21-22. Engelsk tekst:  
"Adapted from translation by Beatrice Perham Krone")

High up in the canyon lives there an old woman.  
Four crowns for butter, eight pots of rum!  
If you have the money, she will give you some!  
Clever old woman!

Kjaerringa med staven, kjaerringa med staven!  
If you'll only choose me, coffee I will cook;  
You can haul the water, from the flowing brook!  
Kjaerringa med staven.

### **High in the Haake Valley (Voices of the World, s. 46. Engelsk tekst: M.F: forfattarane)**

High up in Haake valley, there lives clever Sally,  
if I do not choose her, naught she'll cook for me;  
I had better marry, get my dinners free!

Clever little Sally.

High up in Haake valley, there lives clever Sally,

there she churns her butter till the day is done;

If you have the money she will give you some.

Clever little Sally.

Songen har fleire vers, men eg har konsentrert meg om eitt til to vers frå kvar bok. I Noreg kan versa variere litt, men det fyrste verset er stort sett likt i alle songbøker. Dei engelske tekstane her er meir ulike. I "The Norway Music Album" er fyrste verset veldig likt det norske, bortsett frå at kjerringa ikkje har stav, ho går med krykker. I boka "Growing up with Music: Songs of Norway and Denmark" handlar fyrste verset om ei klok, gamal kjerring med stav som bur høgt oppe i eit juv og sel smør og rom. Det er godt mogeleg at det har vore ei lita språkforvirring her, at "rømme", eller kanskje "rumme", som det heiter på ulike norske dialektar, har blitt tolka som "rum" (rom) i staden for "(sour) cream" av oversetjaren. I skildringa av songen står det: *"This song has very, very old Norwegian words, and some of the phrases have lost their original meaning through hundreds of years of use. The custom that is still carried on in many Norwegian communities, of telling fortunes with coffee grounds and potato skins, is mentioned here in this song."* (Growing up with Music, s. 20) Ein finn ikkje noko om spåing i dei versa eg har teke med her frå denne boka, men i enkelte utgåver av songen som t.d. i "Sangbog for Sønner af Norge" frå 1927, er det eit lite vers som er slik:

*"Aa desse gamle kjærringar,*

*desse gamle kjærringar,*

*di har saa mye aa røre ti.*

*Di kan spaa i kaffigrut aa potetskin*

*aa røre i oska med pipestubben sin." (Sangbog for Sønner af Norge, s. 76)*

Dette verset finn eg att som ei eiga folkevisе i t.d. Norsk Musikkforlags utgjeving "Norges melodier" del 1, men den har altså vore brukt som ein del av "Kjerringa med staven" i

nokre songbøker i USA. I "Voices of the World" er fyrste og andre verset bytt om i høve til slik me vanlegvis syng den i Noreg, hjå oss plar kinninga koma i fyrste verset og giftinga i andre, eller seinare i songen. Endå ein variant av "Kjerringa med staven" som står i "Sons of Norway Songbook" frå 1948, men som ikkje er med på den vedlagde CD-en, er slik:

### **Kjerringa me' staven/Limping Down the Valley**

(SoN Songbook s. 114. Engelsk tekst: Carl G. O. Hansen)

Kjerringa me' staven, høgt oppi Hakkedalen.

Otte potter rømme, fire merker smør,

så kinna Kari, Ola hadde før.

Kjerringa me' staven.

Limping down the valley, cane in her hand came Sally.

Half a pound of butter to the quart of cream;

That was Sally churning, she was Ole's dream.

Limping down the valley.

I denne, som i fleire av dei andre, har kjerringa fått namnet Sally. Dette vil eg tru er av praktiske årsaker, sidan det rimar godt på "valley". I varianten der kjerringa vert kalla "the old woman with a cane", har dalen blitt til eit juv, "canyon", for å få det til å rime så nokonlunde på "woman".

### **5.4.3 Stev**

Eg hadde ikkje så store forhåpningar om å finne stev i USA, men det viste seg å vera nedskrivne nystev i fleire av dei gamle songbøkene. Stev med ukjent opphav, som dei fleste av dei me har i Noreg, men også nokre av dei me kjenner frå songbøker, skrivne av t.d. Aasmund Olavson Vinje og Ivar Aasen. I tillegg var det nokre av steva som hadde fått engelsk tekst. Men stev fann eg altså berre på trykk, eg møtte ingen som kunne syng dei.

Eg vil likevel presentere nokre av nysteva her og på den vedlagde CD-en.

**This Song of Mine is Without an Ending/Aa denne visa har ingen ende**

(The Norway Music Album, s. 71. Engelsk tekst: Auber Forrestier)

This song of mine is without an ending  
there's none can tell whither it is tending;  
it made itself as it sped along,  
//a floating log brought to me my song.//

Aa denne visa har ingen ende  
aa denne visa kan ingen kjenne,  
aa denne visa har gjort seg sjøl,  
//ho kom no rekandes på ei fjøl.//

**Stev/A Ditty (Sons of Norway Songbook s. 139. Engelsk tekst: Rasmus B. Anderson)**

Å vil du hava meg til å kveda  
det skal eg gjera med største gleda,  
å eg skal kveda så vent fyr deg  
//at du skal gløyme deg sjølv og meg.//

Now if you want me to sing a ditty,  
I'll sing you one that I know is pretty:  
So well the words to the lay are set  
//that you will me and yourself forget.//

Dette stevet finst i akkurat same versjonen i boka "The Norway Music Album" på s. 72-73 og i "Scandinavian Songs" s. 34.

Stev (National- og Selskabssange, nr. 76 s. 120)

Aa vil du hava meg til aa kvea

det skal eg gjera me største glea

Og eg skal kvea saa vænt fer deg

//at du skal gløyme deg sjav og meg.//

Den fine guten som te meg vanka,

han gjenge aller or mine tankar,

og om en reiste saa lang ei lei

//han gjeng meg aller or hugjen meir.//

Du tenkjer vel at de vil kje vara,

at de er burte om tvo tri dagar.

Du tenkjer vel at eg hev en gløymt,

//men eg hev en under mitt hjarta gøymt.//

Den snaale guten eg aller gløymer,

om notti ligg eg og om han drøymer.

Om dagen jamvel han gjer meg mein,

//fer bringa ligg noko tungt som stein.//

Her har ikkje steva blitt oversett til engelsk, Det er berre norske tekstar i boka til Henderson. Der er til saman 20 flotte stev i denne stevrekka og det står at dei er etter Ole Vig. Han skreiv dikt og songar, men desse steva hadde han nok i tradisjon etter nokon andre. Denne stevrekka kjem frå Telemark, det kan eg lesa ut frå dialekten ho er skriven på og i fjerde verset vert dessutan Vallaråi nemnd. Den ligg i Seljord. Ole Vig var folkeopplysningsmann, lærar og forfattar og levde frå 1824-1857. Han var ein sterk forkjempar for felles offisiell folkeskule og blir sett på som eit førebilete for den norske lærarstanden. Blant bøkene han produserte var "Sange og Rim for det Norske Folk", utgjeven på "Selskabet for Folkeoplysningens Fremme" i Kristiania. Ole Vig gjorde innsamlingsarbeidet og samarbeidde med Ludvig M. Lindeman om melodiane. (Sigurd Aa. Aarnes, Norsk biografisk leksikon) Boka kom ut i 1854, og eg har funne ei digital utgåve av denne på Nasjonalbiblioteket sine nettsider. På side 401-404 finn eg stevrekka på 20 vers, nøyaktig lik den som står i "National- og Selskabssange med Musik", samla av Knud Henderson i Wisconsin og trykt i Chicago i 1875.

I dei fire bøkene fann eg tre ulike stevtonar. Eg presenterer to av dei på den vedlagde CD-en. Eg har i tillegg teke med ein av dei mest bruka stevtonane i Vest-Telemark for å illustrere korleis det er mogeleg at stevrekka etter Ole Vig let før ho vart trykt i songbøker i USA.

#### 5.4.4 En liten gutt i fra Tistedal'n

Det fjerde songeksemplet eg har valt å ta med er "En liten gutt i fra Tistedal'n" som eg har funne i både "Sangbok for Sønner af Norge" frå 1927 og "Sons of Norway Songbook" frå 1948. I tekstutgåva frå 1927 er teksten på norsk, medan utgåva frå 1948 har både norsk og engelsk tekst. Eg har valt ut denne vesle visestubben fordi eg tykkjer den er eit godt eksempel på lokale viser frå Noreg som har vandra over Atlanteren og fått både ny språkdrakt og nytt innhald. Tistedalen ligg i Halden og har vore kjent for sagbruk og trelasthandel heilt sidan 1600-talet. Teksten i visa speglar dette, og dialekten spelar også ei viktig rolle for å få fram humoren i visa. Ein må ha rette uttalen for å få det fram. Direkte oversett til engelsk ville dette humoristiske aspektet falle bort, det kan vera derfor den engelske versjonen har fått eit heilt anna innhald, den handlar ikkje om Tistedalen i det heile. Det står også presisert "Free English version" i boka. Melodien er den same som på

"Hu hei kor er det vel friskt og lett oppå fjellet", og både denne og ei vise til på same melodi finst i boka frå 1948, begge med både norsk og engelsk tekst.

### **En liten gutt i fra Tistedal'n/There Was a Maid**

(SoN Songbook s. 126. Engelsk tekst: Frederick Wick)

En liten gutt i fra Tistedal'n, kjørte bor'a, kjørte bor'a.

Den samma da'n for ei gammal kjærring te jor'a, ja - det gjor'a.

Å da di henner på båra bar

så gjor'a jammen det som værre var:

Jammen gol'a, ja - det gjor'a!

There was a maid and she had a cat, hia hoa, hia hoa.

She lived alone in a tiny flat, hia hoa, hia hoa.

She fell in love and became a bride,

but on her wedding day the kitten died,

hia hoa, hia hoa.

Ein song som svært mange kunne synge var "Å kjøre vatn og kjøre ved", den har eg ikkje teke med teksten på, men han er å finne med Tip og Eleanor Bagstad på den vedlagde DVD-en. Der presenterer eg også Myron Rundhaugen med "Pål sine høner" og "Per Spelmann", som også var ein song mange kjende til. I tillegg har eg teke med opptak med Frieda Nowland som syng "Eg veit ei lita jente" på ein heilt annan melodi enn den eg har lært her i Noreg. Andre opptak som ligg ved er Bruce Bollerud med "Pål sine høner" og "Anne Mari", Luren Singing Society med "Aftensolen smiler", ei gruppe av Lurensongarar som syng "Den store hvite flokk", og Tip og Eleanor Bagstad der dei syng "Nidelven". Eit anna opptak eg presenterer på DVD-en er ekteparet Paul Wilson og Mary Abendroth, filma på Nisswa -stämman, dei syng "Hils fra meg der hjemme" på svensk.

## 6 Drøfting

### Medverkande faktorar i bevaringa av norsk song

*Tradisjoner opprettholdes gjennom et bevisst utvalg av elementer fra fortiden; gjennom å tilføre og omforme stryker man samtidig ut. Man velger gjerne ut de elementene og symbolene som tydeligst uttrykker hva man oppfatter som særpreget. (Ruud,2009, s. 173)*

I mange samanhengar er det nok slik som Ruud hevdar, at ein opprettheld tradisjonar ved å medvite velje ut kva ein vil ta vare på og kva ein vil stryke ut, ikkje minst når det gjeld materielle ting. Utvalde ting kjem på museum, andre ting vert kasta eller gløynde bort. På denne måten kan ein oppretthalde t.d ein type handverkstradisjon, medan ein annan kan forsvinne. Men når det gjeld songarven, kan det vera mange aspekt som spelar inn. Den fyrste tida etter at nordmenn emigrerte, levde den norske songen og musikken naturleg blant folk, akkurat som reiskapar, møblar, klede og anna dei hadde med frå Noreg framleis var i dagleg bruk. Men etter kvart som tida gjekk og emigrantane og etterkomarane deira vart meir og meir integrerte i det amerikanske samfunnet, måtte dei ta medvitne val for å ta vare på dei norske tradisjonane. Mørkhagen nemner kyrkja og skulane som viktige faktorar for å ta vare på delar av den norske kulturarven på 1800-talet:

*"I de fremmede amerikanske omgivelsene fremsto bibelspråket for mange som hellig, og det var helt sentralt for skolene som ble opprettet. De la grunnlaget for innstudering av norske salmer, sanger og andre tekster, og dette var igjen viktig for formidlingen av den norske trosformen. På den måten representerte kirken en klar motkraft mot en rask overgang til det engelske språket i de norske miljøene og en like kraftig brems på assimileringstakten inn i det amerikanske samfunnet. Den norske kulturarven ble dermed tatt vare på - ellers kunne den lett ha gått tapt for innvandremiljøene før de fikk summet seg. Resultatet ser vi i dag. De norske kulturuttrykkene er blitt videreutviklet - eller fordreiet - på amerikansk jord. Eller de er blitt bevart gjennom etablering av museer og akademier." (Mørkhagen,2012, s. 192-193)*

I dei tidlegaste åra spela nok skulen og kyrkja ei stor rolle for å ta vare på det norske språket og den norske songen, men etterkvart som tida gjekk og ungane kom på amerikanske skular vart det ikkje lov å nytte norsk på skulen, heller ikkje syngje norske songar. I kyrkjene, derimot, har nokre av dei norske salmane halde seg heilt fram til vår tid og er framleis i bruk. Mørkhagen hevdar at mykje meir av kulturarven ville gått tapt viss det ikkje hadde vore for dei norske kyrkjene og skulane og det trur eg han har rett i. Dei



danna grunnlaget for at dei neste generasjonane framleis kunne høyre det norske språket og dei norske songane gjennom foreldra sine. I vår tid er norskamerikanarane meir medvitne i høve kulturen og språket sitt enn andre immigrantgrupper i USA, hevdar han. (Mørkhagen, 2012, s.193) Martin Ulvestad skreiv i 1907 at det i åra frå 1860 til 1905 vart oppretta 49 "høiere Norske skoler" i USA, kalla seminar, college, akademi eller høiskole. Dette var utdanningsinstitusjonar knytt til ulike norske kyrkjer. Om dei gav særskild undervisning i norsk musikk skriv han ikkje noko om, men sidan dei var tett knytt til kyrkja, går eg ut i frå at i alle fall norsk salmesong var ein del av undervisninga. I 1907 var alt 12 av desse skulane nedlagde, skriv Ulvestad, men det var 37 att, heile 15 av dei låg i Minnesota. (Ulvestad, 1907, s. 465) Ein annan viktig faktor var etablering av norske songkor. Dette gjorde dei nok ikkje berre for å ta vare på norske songar, men også rett og slett for å samlast og dyrke interessa for songen og den norske kulturarven. Hovuddelen av dei fyrste kora som vart etablerte var mannskor, slik som i Sons of Norway. Som namnet tilseier, var dette i utgangspunktet ein organisasjon for karar og det tok mange år før det vart tilgang for kvinner i koret. Kvinnene song heime. Luren Singing Society og Normanna Male Chorus er andre døme på mannskor som har eksistert lenge og som har vor mykje ute på turne. I Martin Ulvestad si bok "Nordmændene i Amerika, deres historie og rekord" frå 1907, skriv Carl Hansen:

*"De fornæmste faktorer for at bringe norsk Musik frem blandt vore egne, at bevare den Interesse som allerede eksisterer, og at vække ny, er ubetinget Mandssangforeningerne og Udgivelsen af norske sang- og Musiksamlinger. (.....) Rasmus B. Andersons "Norway Music Album" som udkom for lidt over tyve aar siden og indeholdt meget af det bedste, som findes i norsk Musik, har fundet Vei til mange Hjem og vakt de unges Interesse for norsk Musik." (Ulvestad, 1907, s. 461-462)*

Alt i 1907 var det altså songforeiningane som var ein av dei viktigaste faktorane for å ta vare på norsk song, og det kan sjå ut som, ut frå fleire ting i Hansens artikkel, at den levande songtradisjonen i heimane og andre uformelle samanhengar alt då var på veg ut. Når folkesongane kom ut på konsertscenen eller i eit festlokale vart dei på sett og vis tekne ut av sin opphavlege kontekst og det vart utarbeidd eit felles repertoar for kvart kor eller kvart band. Det vart gjort eit bevisst utval av songar, sannsynlegvis basert på ulike kriterium, kanskje ut frå kva som slo best an hjå publikum, eller kva dei meinte spegla norsk tradisjonsmusikk på best måte, altså det dei oppfatta som særpreg, jfr Ruud.

## Kvar vart det av folketonane og heimesongen?

Carl Hansen skriv: " *I Betragtning af det Indpas, den norske Musik allerede har faaet blandt Amerikanerne, bliver Arbeidet for at gjøre vore egne bekjendt med den musikalske Skat fra Hjemlandet det fornemste for de af vore Landmænd, som har et aabent Øie for dens Værd. Den store Masse af vort Folk herover kommer ikke til Koncerter, hvor de norske Komponister faar en værdig Tolkning. Den rige Musikkultur, som Norge i den sidste Menneskealder har frembragt staar Udvandrerens saagodtsom fremmed ligeoverfor, og saa sørgelig det end er at maatte tilstaa det, bliver endog vore vakre Folkemelodier glemt af vore egne. Det synes at være ingroet i saa mange, at det er simpelt at synge norsk. Derfor lægger de paa Hylden de deilige Folkemelodier uden at vide, at disse yndige vemodige Toner har aftvunget Tilhørernes Beundring ude i den store Musikverden. En Sanger, som har reist meget her i Nordvesten, og som delvis har gjort det til sin Opgave at gjøre norsk Musik bekjendt, har fortalt, at naar han optræder for et blandet Publikum og synger sine norske Sange, mærker man, at de norske blandt Tilhørerne ofte ser skamfulde ud og skotter hen til sine Yankee-Naboer i salen med et Blik, der beder om Undskyldning paa hans Vegne, fordi han synger noget saa simpelt. Man kan saaledes ikke undres over, at den norsk-amerikanske Ungdom ikke har Lyst til at synge norsk og i stedet bliver revet med af de moderne amerikanske Viser, som giver sig ud for at være Musik og af en stor Del af den almindelige Befolkning ogsaa ansees for at være det, men som, hvad egentlig musikalsk Værd angaar, er under al Kritik. Dette er ikke bare Chauvinisme, men Sagkyndiges -- Nordmænds saavel som Ikke-Nordmænds -- Dom." (Ulvestad, 1907, s.461-462)*

Her er han inne på ein viktig faktor til at mange av folketonane har blitt borte. Dei norskætta kjende skam over å synge på sitt eige morsmål, det rådde ei slags husmannsånd over dei. Mange av intervjuobjekta mine har også snakka om dette, at det var viktig for immigrantane å tilpasse seg det amerikanske samfunnet og bli så amerikanske som mogeleg så snart som råd. Derfor var det mange som ikkje snakka norsk med ungene eller lærde dei norske songar. Det er kanskje noko i det Lee Grippen hevdar, at det tek hundre år før eit folk byrjar å ta opp att sine eigne tradisjonar. Seinare utover 1900-talet og opp i våre dagar kjenner dei ikkje lenger skam over å synge på norsk, snarare tvert i mot, men i løpet av tida som har gått har svært mange av folketonane blitt gløymde. Det eg kallar heimesongen ser ut til å ha meir eller mindre forsvunne heilt blant dei norske immigrantane. Den offentlege songen har blitt bevart, medan heimesongen er nesten borte. I dette ligg det også eit kjønnsrolleperspektiv, heimesongen vart fyrst og fremst utført av

kvinner, altså mødrer eller bestemødrer som song for ungene eller song til arbeidet heime. Dette var ein teori eg hadde før eg starta prosjektet mitt. Teorien har eg fått bekrefte gjennom intervju og samtaler med fleire kvinner, og også funne i Ruth Anne Moen sine notat. Ho hadde gjort seg nøyaktig same erfaring som eg. Dei fleste kvinner kom aldri ut på ein konsertscene eller i eit festlokale med songen sin. Karane var meir ute i sosiale samanhengar, dei spela gjerne eit instrument og song saman med andre anten i band eller i kor. Carl Hansen nemner ei rekkje norske mannskor og songforeiningar i artikkelen sin, men ingen damekor, det ser ut til å ikkje ha eksistert mange av dei før lengre utpå 1900-talet, sjølv om Knud Henderson alt i 1875 faktisk skreiv i føreordet til boka "National- og Selskabssange med Musik":

*"Under Harmoniseringen er havt for Øie Sangkor af begge Kjøn og Anvendelsen af saavel Husorgler som andre Musikinstrumenter."(Henderson,1875, føreord)*

Fleire av intervjuobjekta mine, mellom anna Myron Rundhaugen, fortel at det var vanleg med "houseparties" nesten kvar helg, der folk møttest heime hjå kvarandre for å danse og ha det triveleg. Musikken og songane som vart brukt på desse festane måtte nødvendigvis vera god å danse til, og utvalet vart deretter. Den spontane, introverte heimesongen hadde nok ikkje like høg status som songen og musikken dei spela frå konsertscener og på "houseparties", og den har derfor gått i gløyme boka hjå dei aller fleste. Tradisjonen med "houseparties" heldt seg til frampå 1940-50-talet, men tok slutt etter kvart som bilen gjorde sitt inntog blant folk, vart eg fortald. Då folk fekk seg bil byrja dei å reise på større dansetilstelningar lenger unna. Dermed vart den norske musikken etter kvart meir påverka av andre typar musikk og det utvikla seg ein ny sjanger i instrumentalmusikken blant immigrantane, slik Julane Beetham skriv om. På den tida då det framleis var vanleg med konfirmasjonsundervisning på norsk (fram til ca. 1947, jfr. intervju med Tip Bagstad og Myron Rundhaugen), var det likevel ikkje lov å synge norske songar på skulen. All undervisning på skulen var på engelsk, også songundervisninga. Dei songane ungene eventuelt lærde på norsk, lærde dei altså heime, og ungar som ikkje var spesielt opptekne av song opplevde at ein stor del av barnesongane og folkevisene dei hørde heime forsvann ut av repertoaret deira med åra.

På den andre sida var det sjølv sagt også mange heimar der det slett ikkje var vanleg å synge, og i alle fall ikkje folkemusikk. På reisene mine har eg ikkje kome borti nokon som har fortalt om ein sterk folkemusikktradisjon i slekta, derfor kunne eg heller ikkje vente å finne slåttestev, stev eller gamle viser. Hadde eg leita i utvalde familiar med røter i folkemusikken, kunne eg nok funne folk som hadde hatt meir av denne typen stoff på

repertoaret, men eg valde ein annan framgangsmåte og kom dermed borti folk av ulik bakgrunn, mange av dei frå heimar der song ikkje var vanleg. Slik fekk eg ein breiare innfallsvinkel og speglar kanskje dermed befolkninga betre enn om eg hadde oppsøkt spesielle familiar og grupper med røter i folkemusikktradisjonen. I tillegg er det slik at blant mange norskamerikanarar er kunnskapane om norsk musikk og norske tradisjonar veldig små, dei bryr seg lite om den norske arven. Venene mine som var med meg på 17.mai- feiringa i Minneapolis er eit eksempel på det. Ei av dei, ei ung jente på 23 år, har vore i Noreg fleire gonger fordi ho har ein (amerikansk) onkel som bur her, og ho er av norsk og svensk avstamming. Likevel visste ho ingenting om 17. mai-feiringa eller andre norske arrangement i distriktet. Ho kjenner derimot godt til dei irske pubane som finst i Minneapolis. Mor hennar, som har både far og mor med norske anar og er musikkinteressert, kan ingen norske songar. Trass i at ho vaks opp med song og musikk i heimen.

### **Kven opprettheld songarven i våre dagar?**

Kven opprettheld så den norske songarven i Midtvesten i USA i dag? Det er ingen tvil om at det er den offentlege songen som har blitt bevart og som kjem til å leva vidare. Institusjonar som til dømes St. Olaf College, Luther College, Vesterheim Museum, Sons of Norway, Norskedalen Heritage Center og diverse kor og festivalar har vore, og vil nok framleis vera, dei viktigaste i arbeidet med å oppretthalde norsk kultur, inkludert song. Utan desse ville mykje meir vore forsvunne alt no. Mange av desse institusjonane tilbyr forelesingar om norsk kultur eller kurs i norsk song, andre arrangerer konsertar og festivalar der publikum kan høyre norsk folkesong og -musikk framført av anten norskamerikanske folkemusikarar eller folkemusikarar frå Noreg. Som nemnt tidlegare, ser riktig nok song ut til å vera nedprioritert i høve til instrumentalmusikk på dei typiske folkemusikkfestivalane. På programmet for Nisswa-stämman 2014 les eg at det skal vera til saman 12 timar fele- og samspelkurs, 6 timar danseundervisning og berre 2 timar songkurs. Dette er eit kurs i svenske drikkeviser. På konsertscenane er det også mest fele. Men noko norsk song finn ein likevel på enkelte festivalar, til dømes song både Kari Tauring og eg på "UffDa"-festivalen i Spring Grove i oktober 2013. Ein ser at det har utvikla seg ein slags offentleg norskdom - det norske blir brukt i det offentlege rom som på festivalar, gudstenester, 17. mai feiringar, konsertar og på CD-utgjevingar, men lite i dei private heimane. Eg meiner at den norske folkesongen får ein meir og meir emblematiske funksjon i framtida, det kjem til å bli viktigare å framheve kva for ei gruppe ein høyrer til

og vise dette for omverda. Me lever i ei globalisert verd, men det har også blitt viktig for folk å søkje etter røter og uttrykkje for omverda kven dei er og kvar dei kjem frå.

*"Det er kanskje ikke tilfeldig at det gjerne er folkemusikken som har den mest sentrale plassen i dette arbeidet for å vedlikeholde forestillinger om det sted man forlot. Folkemusikk og folkedans over hele verden er uttrykksformer som høylydt proklamerer at det er sted det handler om. Utallige folkesanger er rene hyllingsdikt til sted. Det handler om lokalmiljøet, om bygda, om dalen, om regionen og om nasjonen. (Knudsen,2005, s. 262)*

Mange av songane norskamerikanarane framleis syng er akkurat slike songar, og det verkar for meg som at det viktigaste er nettopp denne hyllinga av Noreg, men ikkje nødvendigvis at songane skal vera gamal, autentisk folkemusikk. Valet av songar inneber ein nokså stor grad av sentimentalitet, men samsvarar ikkje alltid med det me reknar som tradisjonsmusikk i Noreg. Slik sett kan ein vel seia at Knud Henderson har oppnådd noko av det han ville med boka si:

*"...jeg skulle videre ønske at den maa bidrage ialfald noget til baade at opfriske vort Folks Sanggave og til at opvarme samt vedlikeholde Kjærlighed til det Land og Folk, hvori for saa Manges Vedkommende vor Vugge stod og vor Vuggevise blev kvædet"*  
(Henderson,1875, føreord)

Eg har møtt veldig få som bevisst har prøva å hugse eller teke vare på songane dei lærde som små, men mange har lært seg norske songar frå kassetar, songbøker, CD-ar eller i samsong med andre i vaksen alder. Det krev ein viss grad av medviten interesse for den norske kulturarven for å gjera dette, og dei som kan mest er folk som er medlemmer av Sons of Norway, Luren Singing Society eller andre organisasjonar som jobbar for å oppretthalde den norske kulturen. Myron Rundhaugen sa i intervjuet eg hadde med han at alt det norske kom til å bli borte. Men tru om det gjer det? Det verkar som interessa for norske songar og annan norsk kultur er størst blant dei eldre, det er nokså naturleg, meiner eg, sidan dei er nærast til dei som faktisk emigrerte. Dei fleste av medlemene i Sons of Norway er eldre folk, sjølv om organisasjonen i utgangspunktet opererte med ei øvre aldersgrense på 50 år, og viss det ikkje blir ny rekruttering til SoN kan ein tenkje seg at aktiviteten i organisasjonen vert nedlagd og då forsvinn kanskje songane også? Men ofte er det slik at interessa for historie, røter og eigen kultur tek seg opp etter som folk vert eldre, så det er mogeleg at songane og andre norske tradisjonar kjem til å leva vidare i seinare generasjonar. Eg har fått eit inntrykk av at det faktisk er ein del av dei yngre som også er

interesserte i norske tradisjonar, det ser eg mellom anna på den store deltakinga på dei norske språkleirane. I Spring Grove var det fullt på Norwegian Ridge Language Camp sommaren 2013, både på leiren for 4-7-åringar og leiren for 8 år og oppover. Jolerefesten i desember 2013 var også godt besøkt av både store og små. Eg tenkjer meg at det den oppveksande generasjonen lærer på desse arrangementa vil auke interessa deira og at mange av dei dermed vil bringe det vidare til neste generasjon. I våre dagar er det også mykje lettare å dokumentere alt ved hjelp av både lyd og bilete, det vil bli lett å hente fram att frå internett for komande generasjonar, så eg er slett ikkje sikker på om Myron Rundhaugen får rett. Men det ligg eit temmeleg stort ansvar på lærarane på dei ulike arrangementa, det er dei som gjer utvalet av songar. Dersom det ikkje er folk med god kompetanse og sterk interesse sjølve, kan dei fort ende opp med ein "light"-versjon av norske folkesongar, og då vil dei tradisjonelle songane forsvinne med tida.

## Repertoar

At songen har blitt institusjonalisert har i stor grad ført til at det har utvikla seg eit nokolunde felles repertoar. Heimesongen var sannsynlegvis meir variert og i alle fall meir individuell. No er det meste basert på felles framføringar i losjemøte, i kyrkja, på korøvingar eller på konsertar. Det er interessant å reflektere over kvifor nettopp dette repertoaret har festa seg, kva som har ført til akkurat dette utvalet av songar. Som nemnt tidlegare, meiner eg at det har å gjera med songbøkene som har vore i bruk, men kva som ligg bak utvalet i desse er jo også eit spørsmål. Det kan vera mange grunnar som ligg bak. I tillegg til bøker har nettopp dette med samsong hatt ein del å seie, vil eg tru. I den norskamerikanske felemusikken finn ein lite att av dei gamle slåtteformene, fordi spelemennene tilpassa seg samspelsituasjonar og måtte dermed leggje mest vekt på musikkformer som eigna seg for samspel. Slik vart det nok også med songen etter kvart som heimesongen forsvann. Den individuelle, personlege stilen og dei skeive tonane måtte mykje truleg vike for enklare variantar i temperert skala, tilpassa allsong, kor og orkester. Som ein kan lesa i føreordet til Sons of Norway Songbook:

*"Interests in ballads which the immigrants have brought to this country has in late years been growing; hence there should be a place in American song literature for a volume which, as this one, contains a large selection of Norwegian songs arranged in an easily singable form and provided with English as well as the original Norwegian texts."(SoN Songbook, 1948, føreord)*

Ein kan kanskje ikkje seia at dei då har valt ut element som viser særpreg, jfr. Ruud, men kunne nordmenn i USA lett vita kva som var eit typisk norsk særpreg innan folkesong? Det er mogeleg dei valde det dei meinte var mest typisk norske songar ut frå teksten, sidan mange av songane som er i bruk handlar om livet på landsbygda, fjordar og fjell, historiske hendingar og kjærleik til moderlandet. Dette er ein introduksjon til ein av geitelokk i boka "Growing up With Music":

*"Not all Norwegian songs are about their heroes, or great events in their history. There are hundreds of beautiful folk songs, and many of them are about everyday people, and the work they had to do. As you know, the herd girls took their herds of cows and goats into the mountains for the summer pasture. They stayed there all summer spending the time making cheese and butter." ( Growing up With Music, s. 17)*

Heltehistorier, kvardagsliv og bygderomantikk appellerte til nordmenn i Amerika. I tillegg valde dei nasjonalromantiske og patriotiske songar og musikkstykke av Aasmund Olavson Vinje, Ivar Aasen, Edvard Grieg, Ole Bull, Bjørnstjerne Bjørnson og andre kjende diktarar og komponistar, det var altså viktig å ta vare på både finkultur og folkekultur. I Noreg var det ei blømingstid for den nasjonale kulturen og dei store diktarane i siste halvdel av 1800-talet, og det er naturleg at utvandrarane tok med seg mykje av dette stoffet då dei reiste. Tradisjonane dei tok vare på hadde ikkje berre å gjera med kvar dei kom frå og kven dei var, men også med tida dei levde i. Det var ei sterk nasjonalkjensle blant nordmenn i perioden etter dansketida. Repertoaret som utvikla seg vart dermed eit resultat av mange ulike påverknader frå miljøet dei vaks opp i og samfunnet rundt. Ein del av det som finst på fellesrepertoaret i dag er gamle radioslagerar som emigrantane utover 1900-talet tok med seg, songar som var populære i Noreg på den tida dei reiste. "Nidelven" er eit eksempel på det, eg møtte svært mange eldre folk som kunne denne songen, og den er å finne på mange nyare utgjevingar av norsk musikk i USA. Dette fellesrepertoaret som har utvikla seg, skaper det eit falskt bilete hjå amerikanarane av kva som er norsk folkesong? Nei, ikkje nødvendigvis. Sett ut frå eit norsk synspunkt er det kanskje eit snevert repertoar og eit litt skeivt bilete, fordi det ikkje får med dei "ekte", autentiske folketonane, men sett ut frå ståstaden til dei som bur i USA er det ikkje skeivt. Det handlar om kven som syng og kva dei føler ved å syngje desse songane. Dette er det som er att av det forfedrane deira hadde med seg og dei vernar godt om det, som dei også gjer med materielle ting. Forskjellen er at mange av dei materielle tinga står på museum, medan songen og musikken framleis er i bruk. Riktig nok mest i det offentlege rom, på CD-ar, konsertar og festivalar, dessverre lite i heimane. Eit spørsmål er om me som driv med vokal

folkemusikk i Noreg kunne opparbeide meir kunnskap om norsk folkesong gjennom fleire kurs, nye songbøker, ved hjelp av internett eller på andre måtar? Interesse for skandinaviske eller norske folkemusikkfestivalar er stor i USA, og eg kunne godt tenkje meg å få meir song inn på desse festivalane, både i form av kurs og konsertar. Men er det føremålstenleg å opparbeide eit nytt, utvida repertoar, eller skal dei heller oppretthalde og ta vare på det dei alt har? Dette bør vera opp til norskamerikanarane sjølve å vurdere, for meg er det viktig å ikkje sjå på songrepertoaret deira med norske "betrevitaraugo" og opphøge meg sjølv til ein ekspert på området.



*Figur 10: Eg opptrer på UffDa- festivalen i Spring Grove*



## 7 Konklusjon

Eg hadde mange spørsmål i hovudet då eg byrja på dette prosjektet. Interessa for utvandrarane hadde vore der heilt sidan barndomen og eg var veldig spent på kva eg kunne finne av songar då eg reiste over til USA på den fyrste turen min i mai 2013. Eg visste på førehand at folkeviser som "Pål sine høner" og "Kjerringa med staven" var kjende blant mange norskamerikanarar, men eg håpa også å finne folk som kunne noko av det eg kan kalle den "ekte", autentiske norske songtradisjonen, ikkje berre songar frå skulesongboka og salmeboka. Med dette meiner eg slåttestev, stev, balladar, religiøse folketonar og gamle viser, altså stoff som kjem inn under paraplyen "vokal folkemusikk" i folkemusikkmiljøet i Noreg. Håpet var å finne folk som hadde vakse opp med song i heimen og som framleis hugsar noko av det dei hadde lært i oppveksten. Eg var også spent på om dei songane eg eventuelt fann hadde endra seg mykje gjennom generasjonane og kanskje fått ei anna form enn her på denne sida av Atlanteren. Eg visste at interessa for norsk kultur er stor blant mange norskætta i USA, så eg gjekk ut i frå at mange ville meine at den norske musikken og songen spela ei viktig rolle i kjensla av å vera norsk. Eit stort fleirtal av dei eg snakka med kunne bekrefte dette. Songen er ein viktig identitetsmarkør for dei, på same måte som mattradisjonar, norsk handverk og norske flagg. Folk har mykje norsk i heimane sine av materielle ting, både nye og gamle. Svært mange av dei eg var heime hjå hadde rosemåla bollar, kubbestolar, broderi med norske motiv, norske strikkeplagg og andre ting med tilknytning til Noreg i heimane sine. Men songen er flytta ut på konsertscener og festivalar, den lever ikkje i heimane lenger. Dette ser ut til å vera eit resultat av ulike faktorar, som til dømes både at heimesongen ikkje hadde så høg status og mangel på interesse for, og kunnskap om, betydinga av å oppretthalde han. Bortsett frå tilpassinga til kor og orkester har melodiane endra seg svært lite, medan tekstane er meir varierte. Mange norske songar har fått engelske tekstar i ulike variantar, og ofte vert dei framført både på norsk og engelsk slik at publikum skal forstå teksten.

Det viste seg å vera vanskeleg å finne nokon som kunne noko av det stoffet eg var mest ute etter, altså det eg forbinder med vokal folkemusikk her heime. Dette hadde sannsynlegvis å gjera med at eg ikkje kom borti så mange som hadde sterke røter i folkemusikken, eller at forfedrane deira hadde drive med felespel og ikkje song. Resultatet av undersøkingane mine viste at repertoaret var temmeleg likt blant folk i ulik alder, i ulike område, og eg meiner institusjonane og songbøkene har bidrege til denne utviklinga. Det fascinerer meg kor stor interessa for norsk musikk og kultur framleis er blant folk i Midtvesten, at røtene er så viktige for mange. Derfor tykkjer eg det er flott at så mange norskamerikanske artistar

har gjeve ut plater med norske songar og at så mange framleis syng desse songane i kor og i sosiale samkomer. Med tanke på kor stor aktivitet det er på språkleirane for ungar, trur eg også at noko av den norske songarven vil leve vidare i fleire generasjonar enno. Men etter kvart som tida går og norskkunnskapane forsvinn meir og meir, vil det bli færre som opprettheld han. Kor mykje som blir bevart vil vera avhengig av kor mange som bevisst går inn for å lære seg norske songar og ta vare på dei. Rekruttering av nye generasjonar til lag og organisasjonar som til dømes Sons of Norway vil vera avgjerande, trur eg. Ei gruppe eg ikkje har undersøkt er norskstudentane på dei ulike universiteta i Midtvesten. Det kunne vore interessant å undersøkje kvifor dei studerer norsk, kva dei kan av norske songar og om dei har interesse av å bringe den norske kulturarven vidare i USA.

Gjennom arbeidet med dette prosjektet har eg opplevd at eg har gjort mange bevisste på songarven. Eg opplever at fleire og fleire tenkjer over den no, at eg har sett i gang tankane hjå mange. Norske songar vart eit samtaleemne rundt matbordet i mange heimar eg var innom, og fleire sa at dei ville prøve å bli flinkare til å synge dei for barn og barnebarn. Eg har også nyleg fått vite at det skal arrangerast ein leir for ungar i Spring Grove i august 2014, der det skal vera korsong og individuell songundervisning med vekt på norske songar. Mange av dei eg møtte på reisene mine har i ettertid sendt meg e-post med tekstar og lydfiler og mange har også gjeve meg cd-ar med innspelingar av norsk musikk. Ei dame har både ringt og sendt e-post fleire gonger og sagt at ho har kome på fleire songar frå barndomen og har sunge dei for meg. Då føler eg at eg har sett i gong ein viktig prosess som eg har lyst til å halde fram med.

# Referansar/litteraturliste

Haug, B. L. (Artist). (1937-1946). Madison, Wisconsin, USA.

Anderson, R. B. (1881). *The Norway Music Album*. Boston, Massachusetts: Oliver Ditson Company.

Beetham, J. A. (2005, Juni). Norwegian-American Old-Time Fiddling in the Heartland. *Norwegian-American Old-Time Fiddling in the Heartland*. Rauland, Norge: Høgskolen i Telemark.

Berg, D. (u.d.). The Importance of Music for the Norwegian-American Immigrant (Notat). Decorah, Iowa, USA.

*Den Sjungende Mand paa Sjø og Land*. (1904?). Chicago, Illinois: John Anderson Pub.Co.

Fapso, R. J. (2001). *Norwegians in Wisconsin*. Madison, Wisconsin: Wisconsin Historical Society Press.

G.O.Hansen, C. (1948). *Sons of Norway Song Book*. Minneapolis, Minnesota: The Supreme Lodge of Sons of Norway.

*Growing up With Music, Song of Norway and Denmark*. Chicago, Illinois: Neil A. Kjos Music Co.

Hansen, C. (1907). Norsk Musik i Amerika. I M. Ulvestad, *Nordmændene i Amerika og deres Historie og Rekord Bind 1* (ss. 456-464). Minneapolis, Minnesota, USA: History Book Company's forlag.

Henderson, K. (1875). *National- og Selskabssange med Musik*. Chicago, Illinois: John Anderson Publishing Co.

Knudsen, J. S. (2005). Sted, tilhørighet og musikk i et innvandrer miljø. I O. Alsvik, *Musikk, identitet og sted* (ss. 258-288). Oslo: Norsk lokalhistorisk institutt.

Leary, J. (u.d.). Norwegian (Notat). Madison, Wisconsin, USA.

Leksikon, N. B. (u.d.). Ole Vig. Oslo.

*Luren - En Samling af Norske, Svenske, Danske og Amerikanske Sange*. (1874). Decorah, Iowa: B. Anundsens Bogtrykkeri.

Moen, R. A. (1991 og 2007). Notat frå prosjekt i Midt-Westen sommeren 1991. Suldal, Norge: Ryfylkemuseet.

Muller, C. (2002). *Spring Grove, Minnesota's First Norwegian Settlement*. Charleston, South Carolina: Arcadia Publishing.

Mørkhagen, S. (2012). *Drømmen om Amerika: Innvandringen fra Norge 1825-1900*. Oslo: Gyldendal.

Mørkhagen, S. (2010). *Farvel Norge: Utvandringen fra Norge 1825-1975*. Oslo: Gyldendal.

*Nordisk Tidende Sangbok*. (1941). Brooklyn, New York: Arnesen Press Inc.

Norsk sangbok. (2011). Spring Grove, Minnesota: Giants of the Earth Heritage Center.

Ruud, E. (2009). *Musikk og identitet*. Oslo: Universitetsforlaget.

*Scandinavian Songs*. (1886). St.Paul, Minnesota: Nordvesten's Bookdepartment.

Sevig, M. o. (1985). *Mike and Else's Norwegian Songbook*. Minneapolis, Minnesota: Skandisk Inc.

Svalestuen, A. (1972). *Tinns emigrasjonshistorie 1837-1907: En undersøkelse med særlig vekt på den demografiske og sosiale bakgrunn for amerikafarten, og en statistisk analyse av selve utvandringen*. Oslo: Universitetsforlaget.

Vig, O. (1854). *Sange og Rim for det Norske Folk*. Kristiania, Norge.

*Voices of the World*. Chicago, Illinois: Follett Publishing Company.

Woll, C. (1927). *Sangbog for Sønner af Norge, II tekstutgave*. Minneapolis, Minnesota: Sønner af Norges Forlag.

<http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesside&bokid=ulvestad&sideid=456&storleik>

[http://nbl.snl.no/Ole\\_Vig](http://nbl.snl.no/Ole_Vig)

<http://www.nb.no/nbsok/nb/c4bc9376ea268ee03c83d59d119ddd38?index=0#399>

<http://vanhise.lss.wisc.edu/nafmp/>

[http://bindings.lib.ua.edu/scan\\_bib\\_uwm.pdf](http://bindings.lib.ua.edu/scan_bib_uwm.pdf)

<https://archive.org/details/NorwegianMusicAndCulture>

<http://music.library.wisc.edu/hst/index.htm>

<http://music.library.wisc.edu/>

<http://digicoll.library.wisc.edu/cgi/f/findaid/findaid-idx?c=wiarchives;cc=wiarchives;view=text;rgn=main;didno=uw-mus-mus001>

Bagstad, T. o. (2013, juni 1.). (I. Lien, Intervjuar)

Berg, D. (2013, juni). Samtaler og skriftleg kommunikasjon. (I. Lien, Intervjuar)

Berg, K. B. (2013). Samtaler og skriftleg kommunikasjon. (I. Lien, Intervjuar)

Bollerud, B. (2013, mai 29.). (I. Lien, Intervjuar)

Erickson, S. (2013, mai 24.). (I. Lien, Intervjuar)

Grippen, L. (2013-2014). Samtaler og skriftleg kommunikasjon. (I. Lien, Intervjuar)

Ingebretsen's, T. p. (2013-2014). Samtaler og skriftleg kommunikasjon. (I. Lien, Intervjuar)

Landsom, E. (2013, mai 31.). (I. Lien, Intervjuar)

Larson, A. (2013, mai 25.). (I. Lien, Intervjuar)

Larson, L. (2013, mai 20.). (I. Lien, Intervjuar)

Leary, James P. (2013, mai 29.) (I. Lien, Intervjuar)

Musser, B. (2013, juni 2.). Samtale . (I. Lien, Intervjuar)

Nowland, F. (2013, juni 1.). (I. Lien, Intervjuar)

Rennan, A. (2013, mai 26.). (I. Lien, Intervjuar)

Rundhaugen, M. (2013, oktober 12.). (I. Lien, Intervjuar)

Tauring, G. E. (2013, mai 21.). (I. Lien, Intervjuar)

Tauring, K. (2013-2014). Intervju, samtaler og mykje skriftleg kommunikasjon. (I. Lien, Intervjuar)

Tweeten, G. (2013, mai 31.). (I. Lien, Intervjuar)

# Oversikt over tabellar og figurar

Figur 1 (Fapso,2001, s. 4) .....	21
Figur 2: Konsertplakat frå tidleg 1900-tal. (Mt Horeb Area History Society).....	22
Figur 4: Føreordet .....	30
Figur 3:Framsida .....	30
Figur 5: Intervju med Shirley Erickson.....	31
Figur 6: Arna Rennan og Annette Larson .....	33
Figur 7: Frieda Nowland med eit skrin laga av Torkjel Landsverk .....	36
Figur 8: Kart over reiseruta 18.mai- 8. juni 2013 .....	38
Figur 9: Kart over reiseruta 4.-14. oktober 2013 .....	38
Figur 10: Eg opptrer på UffDa- festivalen i Spring Grove .....	66

# Vedlegg

## Vedlegg 1: Tabell over skriftleg materiale

Stad	Bok	Utgjevar	År	Song
<b>Luther College Library</b>	The Norway Music album	Oliver Ditson Company	1881	Lullaby/Baadn Laat (Byssa, byssa barnet)
				Oh, Ole, Ole, I loved you dearly/Aa Ola, Ola, min eigen unge (stev)
				Mass and Lasse/Han Mass aa'en Lasse
				The Hulder's song/Huldre-Kvæe
				The Hulder and Elland/Huldra aa en Elland
				Aagot's Mountain Song/Aagots fjeldsang
				The Akward Ballad/Den bakvende visa
				Come Haul the Water and Haul the Wood/Aa kjøre vatten aa kjøre ve
				My Tulla/Eg gjætte Tulla
				I Laid Me down to Rest/Jeg lagde mig saa sildig
				Astri! My Astri!/Astri! Mi Astri!
				Poor Ragna/Ho Ragne var fatig
				Fields and woods are Crown'd With Verdure/Markje grønast

				It's Not Easy to Get a Beau/De'rnte greit
				Here Comes on Crutches Sally/Kjærringa med staven
				Paal on The Hillside/Paal paa hougén
				I see Your Shadow Yonder/Eg ser deg ut før gluggjin
				Niels Tallefjoren
				Sigurd and The Troll Bride/Sigurd aa troll-brura
				Torkel Had, Of All, The Strongest Arm, Sir/Torkjell han var bygdis beste kar, sann
				Little Kersti/Liti Kjersti
				The Miller's Daughter/Møllervisen
				The peasant at The Wedding/Bonden i bryllaupsgarden
				The Song of Spring/Vaarvise
				Dalebu Jonson
				The Hulder's Call/Huldrelokk
				The Goat Herd's Call/Gjeitelokk
				In Olden Times a King/Dæ va eigøng en kung'e



				This Song of Mine is Without an Ending/Aa denne visa har ingen ende (stev)
				Til, Til Torrest/Til-til Tove
				AHumourous Lullaby/Baadn laatt
				'Mong the Rocks of The North Sea's Blue Waters/Mellom bakkar og berg utmed havet
				Now if You Want me to Sing a Ditty/Aa vil du hava meg te aa kveda (stev)
				Halling/Röttnam's Knut
<b>Stad</b>	<b>Bok</b>	<b>Utgjevar</b>	<b>År</b>	<b>Song</b>
<b>Mindekirken, Minneapolis.</b> <b>Boksamling av bøker kyrkja har fått i gåver frå immigrantar</b>	Ny sangbog for norsk ungdom	Det norske ungdomsforbund		Draumkvæde
	Norges melodier 4.del	Kjøbenhavn-Leipzig Wilhelm Hansen musik-forlag Kristiania-Bergen Norsk musik-forlag		(500 norske sange for piano med underlagt tekst)  M.a: Aa fantegutten drog paa fillehætta si

<b>Vesterheim Museum, arkivet</b>	Luren -En samling af Norske, Svenske, Danske og Amerikanske sange	B. Anundsens bogtrykkeri, Decorah, Iowa	1874	I fjor gjett' eg Gjeiten
				Det lysned i Stoven, da ilede eg frem (Jørgen Moe)
				Og hev du set Aastrid, paa Kampen ho bur
				Yderst mod Norden lyser en Ø
				Dei vil alltid klaga og kyta (Ivar Aasen)
				Hr. Sinklar drog over salten hav
				I rykandes uvær og fykandes vind  (lang vise på vestnorsk dialekt , av Nils Hevberg)
				Det var vel svingom i bondeskikken (Erik Oplænding)
				Eg beisla min støvel/den bakkvende visa
				Her ser eg fagre fjord og bygdir (Aa. O. Vinje)

<b>Vesterheim Museum, arkivet</b>	National- og selskabssange med Musik, samled af Knud Henderson, Cambridge, WI	John Anderson Publishing Co., Chicago	1875	(2 sider med innholdsliste i tillegg til sngar)
				Mester Jakob
				Gubben Noah (svensk)
				Aftensang (Aftensolen smiler)
				Storebingen (Gudmund Torsen St..)
				Aa kjøre vatn
				Paal paa Haugen
				Kjærringa med Staven
				Reisi til Sætri (I. Storm)
				Morgensang (B.S. Ingemann)  Aftensang (B.S. Ingemann)  Veslegut (Aa. O. Vi nje) (alle på same melodi)
				Me skal koma (Dei vil alltid klaga...) (I. Aasen)

				Mens me sit so fortrule' og pratar (same melodi som Me skal koma) hardangerdialekt (Odmund Urheim)
				Budejens vise (hanna Winsnes)  Ved sjøen, den mørke, bekranset av Tallen ( H. Wergeland)  Aa huttetu, det æ vondt aa gjæte (Olav Fllaten)  (alle på same melodi)
				Stev (Aa vil du hava meg til aa kveda)
				Aagots fjeldsang (H.A.Bjerregaard)
				Alt i verden koster møyje (Olufsen)  Dagen gaar saa langsomt hen (Olufsen)  Maalet hennar Mor vil me aldri gløyma (A. Reitan)  (alle på same melodi som Aagots fjeldsang)
<b>Stoughton Public Library</b>	Gamle norske folkeviser, Sophus Bugge	Universitetsforlaget Oslo-Bergen-Tromsø	1858	(28 ulike viser, har innholdslista)
<b>St. Olaf College Music Library</b>	Songs from Scandinavia	Pallma Music Park Ridge , Illinois	1969	If fog would make room/Gjev skodd måtte røma (Idar Handagaard/ english:Ella Hjertaas Roe)
				The last spring/Våren (Aa. O. Vinje / E.H.R)

	The Boy's Glee Club, Book I and II	Wick Music Publishing Minneapolis, Minnesota		Memories/Sølvet (H. Ibsen/Thorvald Lammers)
	Songs from the North 2 <sup>nd</sup> Edition	The North Publishing co. Minneapolis, Minnesota	1895	My dear old Mother/Gamle Mor (Aa.O. Vinje/E.Grieg)
	Songs of Scandinavia and Northern Europe	Boosey & Co London W./New York		To rest I call ye lambkins all (Norwegian shepherd's song)
				Abandoned (Norwegian song)
				Guldterning (Norwegian song)
				Reindeer Song (Laplandish song)
	Growing up with Music: Songs of Norway and Denmark	Neil A. Kjos Music co. Chicago, Illinois		Goatkeeper's song/Killabukk, Killablakk
				The Cowkeeper's Song
				The old Woman with a Cane/Kjaerringa med staven
				Paul on the Hillside
				Evening song for Blakken (E.Grieg/Rolfesen)
	Norwegian Folk Songs	Augsburg Publishing House Minneapolis, Minnesota		In Heaven Above (Laurentius Laurenth/ F. Melius Christiansen)
				O Happy Day (W.A.Wexels/F.M.Christiansen)
				The Vision of Christ

				(Wilhelm Birkedal/F.M.Christiansen)
				At far min kunne gjera/ ANoble Sire
	Voice of The World	Follett Publishing Company, Chicago, Illinois		Paul on The Hillside
				High in the Haake Valley/Kjerringa med staven
				Shepherd's Song
				Per Spelmann
	Folk & Art Songs Book II	C.C.Birchard & Company Boston	1924 1936	After the Storm
				The Land of the Midnight Sun
				The Sailors
	Music for Living: Music Near and Far, book 4	Silver Burdett Company, Morristown, San Francisco, New York, Dallas, Atlanta, Chicago	1956	Norwegian Mountain Dance
<b>Norwegian-American Historical Association Archives (NAHA), St. Olaf College</b>	The Norway Music Album	Oliver Ditson Company, Boston	1881	Home Again/Hjemreise fra sætren
				Here Comes on Crutches Sally/Kjerringa med staven
				Lullaby/Baadn Laatt
	(Laust ark)			Old age is Hell
	(Laust ark)			Nidelven
	(Laust ark)			Christmas, oh happiest Day/Å jul med din glede

	(Laust ark)			I am so Happy on Christmas Eve/Jeg er så glad hver julekveld
	Scandinavian Song and Dance Album, Vol.1	Dahlquist Publishing Co., St. Paul, Minnesota	1936	Helsa dem därhemma (+diverse gamaldansmelodiar, berre 4 med tekst)
	(Laust ark, handskrive)			Ungdomsdraumen (brukt i ei songforeining, står det på ein handskriven lapp)
		Haakon Zappes Musikkforlag, Kristiania		Amerikafarerens heimlengt (Anders Hovden)
	(Laust ark, handskrive)			Det sviv so mangt i hugen (Jens Tvedt/Alf Johansen)
				Skogsus (Leif Solberg/Theodor Kaspari)
	Norsk-Amerikansk Musikk-tidende	Scandia Publishing & Printing, Minneapolis, Minnesota	Juli 1890	Herr Sinklar
				Killebukken/Oh My Pet Lamb
	Seips Visebog for hjemmet	Aschehoug & Co, Kristiania	1906	(Mange viser: 4 siders innholdsliste, har ikkje kopiert tekstar)
	Folkesange	B.B. Haugan	1923	(Mange patriotiske og religiøse songar, både på norsk og på engelsk. Har berre innholdslista)
	Hjemlands-sange	Engberg & Holmberg, Chicago	1879	Diverse religiøse songar, mellom anna: Hist ved Babels Floder
	Melodier til Pilegrimssangeren m/flere	Den Christelige Talsmands Bogtrykkeri,  Chicago	1881	(Religiøse songar for skule, kyrkje og heim. Har berre innholdslista)

	Scandinavian Songs	"Nordvesten's" Bookdepartment, St.Paul, Minnesota	1886	Now if you want me to sing a Ditty/Aa vil du hava meg til aa kveda (stev)  (+ 40 songar til på både engelsk og norsk. Har innhaldslista)
	De Unges sangbog	E. Jensens Forlag, Minneapolis, Minnesota	1899	
	Børneharpn (3 ulike utgåver)	E. Jensens Forlag, Decorah, Iowa	1892	(Har innhaldslista frå den eine)
	Sange	Hauges Synodes Ungdomsforbund		
	Selected Hymns for Conventions	Augsburg Publishing House, Minneapolis, Minnesota		
	Religiøse Sange	Nordisk Tidende, Norwegian News Company Inc., Brooklyn, N.Y.		
	Udvalgte Salmer og Sange for vækkelses- og opbyggelses- møder	Frikirkens Boghandel, Minneapolis, Minnesota	1912	
	Norsk- Amerikansk Sangbog	Nordisk Tidende, Norwegian News Company Inc., Brooklyn, N.Y.		
	Norske Folkeviser, arrangert for mandskor	Eget Forlag, Frederic Wick, Sioux City, Iowa		Bor jeg paa det høie Fjeld
				Aa kjøre vatn aa kjøre ve



				Astri mi Astri
				Ola Glomstulen
				En liten Gut i fra Tistedalen
	Sønner af Norge Sangbog	Sønner af Norges Forlag, Minneapolis, Minnesota	1926	(Innhaldsliste) + kopi av nokre songar, men har boka sjølv
	(Laust ark, handskrive)			Paul paa Haugen (engelsk oversetjing, låg i SoF-boka)

## Vedlegg 2: Innholdsliste CD-ar:

### **CD 1: Eigne innspelingar:**

1. Pål sine høner/Paul on the Hillside (Sons of Norway Songbook)
2. Paul on the Hillside (The Norway Music Album)
3. Paul on the Hillside (Growing up with Music,Songs of Norway and Denmark)
4. Paul on the Hillside (Voices of the World)
5. Kjærringa med staven/Here Comes on Crutches Sally (The Norway Music Album)
6. The Old Woman with a Cane/Kjaerringa med staven (Growing up With Music,Songs of Norway and Denmark)
7. High in the Haake Valley (Voices of the World)
8. Stev: This Song of Mine is Without and Ending/ Aa denne visa har ingen ende ( The Norway Music Album)
9. Stev/A Ditty (Sons of Norway Songbook)
10. Stev (National- og Selskabssange)
11. En liten gutt i fra Tistedal'n/There Was a Maid ( Sons of Norway Songbook)

### **CD 2/DVD: Lyd- og filmopptak av ulike informantar**

1. Bruce Bollerud: Pål sine høner
2. Bruce Bollerud: Anne Mari
3. Tip og Eleanor Bagstad: Å kjøre vatn og kjøre ved
4. Frieda Nowland: Gubben Noah og Eg veit ei lita jente

Dei fire fyrste spora på DVD-en er lydfiler lagt inn i eit slideshow. Slideshowet viser bilete av Bruce Bollerud heime på kjøkenet, bilete frå Norskedalen Nature and Heritage Center med Tip og Eleanor Bagstad, og bilete frå heimen til Frieda og Ron Nowland.

Resten av DVD-en er filmar.

5. Tre av Luren Singers: Den store hvite flokk
6. Luren Singing Society: Aftensolen smiler
7. Mary Abendroth og Paul Wilson: Helsa dom der hemma
8. Myron Rundhaugen: Per spelmann
9. Myron Rundhaugen: Pål sine høner
10. Tip og Eleanor Bagstad: Nidelven

### **CD 3: Eksempel på innspelt norskamerikansk musikk/song**

1. Mine born/My Children: Arna Rennan (Nordic Shores, 2001)
2. Eg heiter Hellvor/My Name is Hellvor: Arna Rennan (Nordic Shores, 2001)
3. Brendevinsvisa/Drinking Song: Arna Rennan (Nordic Shores, 2001)
4. Sulla mi Lum/Lullabye from Trøndelag: Arna Renna (Nordic Shores, 2001)
5. Folkestadvisa: Nordic Angst m/Arna Rennan (Big Brother, Little Brother, 2007)
6. Mountain Man's Girl/Fjellmannjenta: Karen T. Solgård/Carol Sersland (Norse Fiddle at Home 2003)
7. Maybe You Can, Then Maybe I Can/Kan'kje du'n: Karen T. Solgård/Carol Sersland (Norse Fiddle at Home 2003)
8. Heiemo og Nykkjen: Kari Tauring (Nykken and Bear 2013)
9. Oppi li: Kari Tauring (Völva Songs 2008)
10. The Emigrants: Dave Nelson/Phil Dybdahl (Ole & Sven in Full Speed! 1999)